

# Kommuneplan for Bremanger Arealdelen 2024-2036

Planomtale



Vedtøken av Bremanger kommunestyre  
15.oktober 2024, sak KST-077/24

## INNHALDSLISTE

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>5</b>
<b>2</b>	<b>AREALDEL OG PLANPROSESS</b>	<b>6</b>
2.1	KVA ER AREALDELEN?	6
2.2	AREALDELEN SI ROLLE I KOMMUNAL PLANLEGGING	6
2.3	FØREMÅL	7
2.4	ORGANISERING AV PLANARBEIDET	9
2.5	PLANPROSESSEN	10
<b>3</b>	<b>GRUNNLAG FOR PLANARBEIDET</b>	<b>10</b>
3.1	PLAN- OG BYGNINGSLOVA	10
3.2	NASJONALE FØRINGAR	11
3.3	REGIONALE FØRINGAR	12
3.4	LOKALE FØRINGAR	13
3.5	VIDAREFØRING AV EKSISTERANDE PLANAR	14
<b>4</b>	<b>OMSYN I PLANLEGGINGA</b>	<b>17</b>
4.1	LOKALISERING	17
4.2	FOLKETALSUTVIKLING	17
4.3	BEREKRAFTIG UTVIKLING SOM FØRESETNAD FOR AREALBRUKEN	18
4.4	GJENNOMGÅANDE OMSYN I PLANARBEIDET	19
	FOLKEHELSE	19
	GRØNE VAL	20
	INFRASTRUKTUR	22
	BEREDSKAP/TRYGGLEIK	22
4.5	FRAMTIDIG KYSTVEG	27
4.6	UTGREIINGAR I PLANARBEIDET	28
<b>5</b>	<b>HOVUDTEMA I PLANEN</b>	<b>28</b>
5.1	BUSTADTOMTER	28
5.2	FRTIDSBUSTADER	30
5.3	NÆRING	31
	LANDBRUK OG SKOGBRUK	32
	INDUSTRI OG KONTORARBEIDSPASSAR	33
	RÅSTOFFUTVINNING	34
	HAVBRUK OG FISKERI	35
	FORNYBAR ENERGI	36
	TURISME	37
5.4	SJØBUER OG SJØHUSMILJØ	38
5.5	FRILUFTSLIV OG NATURMILJØ, KULTURLANDSKAP OG KULTURMINNE	39
	FRILUFTSOMRÅDE	39

NATURMANGFALD	39
KULTURLANDSKAP OG -MINNE	41
<b>5.6 INFRASTRUKTUR</b>	<b>42</b>
<b>5.7 TETTSTADER I KOMMUNEN OG SENTRUMSAVGRENSING</b>	<b>44</b>
<b><u>6 SAMLA VERKNAD AV HOVUDENDRINGAR I PLANEN</u></b>	<b><u>50</u></b>
<b><u>7 VEDLEGG</u></b>	<b><u>49</u></b>
<b><u>8 KJELDER</u></b>	<b><u>53</u></b>

## Forord

Bremanger kommune har sidan 2018 arbeidd for å få utarbeidd ny arealdel i kommuneplanen. Ny arealdel i kommuneplanen vart vedteken i kommunestyret 15.oktober.2024

Overordna kommuneplanlegging omhandlar dei heilt sentrale styringsverktøya i kommunen, her kommuneplanen og økonomiplan. Kommuneplanen er Bremanger kommune sitt overordna styringsdokument, og skal setje retning for utviklinga av kommunen i 12 år framover i tid. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen inneheld dei langsiktige hovudmåla for Bremanger kommune både som samfunn og organisasjon, og kva strategiar vi skal følgje for å nå måla. Kommuneplanen har fleire gjennomgåande omsyn: areal, klima og miljø, beredskap, innovasjon, likeverd og folkehelse. og beredskap folkehelse, klima og miljø,. Det skal takast omsyn til desse punkta i all planlegging. Kunnskapsgrunnlaget består av faktainformasjon, folkehelseoversikt, analysar og anna, og peikar på viktige forhold som skal skape felles forståing for situasjonen i dag og utfordringar i framtida. Måla i samfunnsdelen gjev føringar for arealdelen, som viser kvar vi skal byggje bustader, næringsbygg, grøntanlegg, turstiar og anna. Arealdelen er juridisk bindande. Samfunnsdelen skal følgjast opp av underliggende planar som konkretiserer prioriteringar og tiltak.

Bremanger kommune har gjennom mange år hatt negativ folketalsutvikling, dette er ei utvikling som vi har eit sterkt ønskje om å snu. Eit av verkemiddela er at vi må legge til rette for nye areal for god utvikling i bygdene våre. Vi har i vedteken arealplan lagt godt til rette for dette ved fortetting og utvikling av sentrum av bygdene. Arealdelen gjev rom for industrietableringar samstundes som vern av natur skal ivaretakast. Skal vi i framtida kunne levere gode og tenlege tenester må vi legge til rette for fleirbruk, rehabilitering og større grad samordning av tenester gjerne på tvers av sektorane våre, og i samarbeid med frivillige.

Svelgen, 5.november 2024

Anne Kristin Førde  
Ordførar

# 1 Innleiing

Det vart gjennom vedtak av planstrategien i 2017 bestemt at revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA) skulle ha prioritet i perioden 2017-2020.

I september 2017 starta Bremanger kommune si arbeidsgruppe med arbeidet og det vart varsla planoppstart for både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen. Hausten 2018 vart Nordplan leigd inn for å kunne bidra med både planprosess og utarbeiding av dokument. Første utgåve av plandokumenta for arealdelen var eit resultat av tett samarbeid mellom arbeidsgruppa i kommunen og Nordplan. Framlegg til arealdel vart lagt ut til offentleg høyring i perioden mars-mai 2020. På grunn av mange merknader, med krav til tilleggsutgreiingar, og nye innspel, vart plandokumenta omarbeidde med store endringar, før utlegging til 2.gongs offentleg ettersyn. Planen låg ute til 2. gongs offentleg ettersyn i perioden 20.juli – 12.september 2022 og 3.gongs offentleg høyring frå 28.april – 23.juni 2023. Det har vore gjort store endringar i denne perioden, også etter 3.gongs høyring av planen. Endringane i planomtale, føresegner med vedlegg er utført av kommunen. Nordplan/Feste AS har vore engasjert for å oppdatere plankart og temakart.

I planomtalen blir det gjort greie for både prosess og resultat. Dokumentet er bygd opp på følgjande måte:

Kapittel 2 forklarar bakgrunnen for arbeidet med arealdelen og krav til prosess. Det går òg fram korleis planarbeidet har blitt organisert mellom kommunen og Nordplan.

Kapittel 3 gjer greie for kva føringar som har vore grunnlag for planarbeidet på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

I det 4. kapitlet blir det skildra kva omsyn som har blitt teke ved utarbeidinga av kommuneplanen sin arealdel. Det er mellom anna presentert demografiske framskrivingar og pågåande arbeid med etablering av kystvegen.

I kapittel 5 blir det gjort kort greie for eksisterande situasjon for utvalde tema og tettstader. Vidare blir vedteken arealstrategi presentert for kvart enkelttema, i tillegg til at hovudtrekka i arealdelen er skildra.

Det 6. kapitlet viser i stor grad til vedlagt konsekvensutgreiing med ROS, og samanfatar kort dei samla verknadane av arealdelen.

## 2 Arealdel og planprosess

### 2.1 Kva er arealdelen?

Kommunen skal legge til rette for utvikling gjennom forvaltning av areal og naturressursar (jf. PBL § 3-3). Utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel (KPA) er ein viktig del av denne tilrettelegginga. KPA skal angje hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og føresetnader for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, i tillegg til kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala (jf. rettleiar for kommuneplanen sin arealdel).

Gjennom arealdelen vil Bremanger kommune legge føringar for både eksisterande og framtidig arealbruk. Vurderingar som er gjort i arbeidet med KPA har basert seg på eksisterande kunnskap, dialog med innbyggjarar gjennom folkemøte og i høyringsperioden, samt synfaringar og samarbeid mellom Nordplan og administrasjonen i Bremanger kommune.

I samsvar med plan- og bygningslova (PBL § 11-5) skal Bremanger kommune ha ein arealplan som dekker heile kommunen sitt areal og som vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Alt areal i kommunen er dekkja av eit arealformål i plankartet for arealdelen, eller i vedtekne kommunedelplanar for Botnane, Rugsund/Leirgulen og Davik. I tillegg til plankart og føresegner, omfattar arealdelen planomtale og konsekvensutgreiing for nye utbyggingsareal, samt andre endringar som ikkje er i samsvar med eksisterande bruk (jf. PBL § 4-2). Det følgjer òg eit dokument med vurdering av reguleringsplanar eldre enn 10 år, og eit dokument med vurdering av planføre mål som er vidareført frå tidlegare planar (KPA 2004 og KDP Bremangerbygda 2007). I høve landbruk er det utarbeidd ein fagrapport over kjerneområde for landbruk i kommunen, og etter 3.gongs høyring er det utarbeidd ei tilleggsutgreiing om landbruk.


### 2.2 Arealdelen si rolle i kommunal planlegging

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) har ei viktig rolle i den overordna kommunale planlegginga. Det er i KPA kommunale rammene for arealbruk blir fastsett og får rettskraft gjennom vedtak av plankart og føresegner.

Samanheng mellom samfunnsutviklinga, behov for vern og utbygging og framtidig arealbruk, skal gå fram av arealdelen. Vidare vil rammer og krav som er sett i føresegnene og plankartet til arealdelen, vere juridisk bindande føringar som framtidige reguleringsplanar skal forholde seg til.

I tillegg til arealdelen (KPA) omfattar kommunal planlegging planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel (med handlingsdel) og reguleringsplanlegging. Sjølv om planstrategien og samfunnsdelen ikkje er juridiske bindande dokument, er dei viktige grunnlag for arealdelen.

Bremanger kommune hadde fram til 2021 ingen gjeldande samfunnsdel. Arbeidet med samfunnsdel og revisjon av arealdelen til kommuneplanen vart vedteke starta opp 15.06.2017 (KST-031/17). Ettersyn av planprogrammet var våren 2018, og vedtak av planprogrammet var 20.12.2018 (KST-046/18). Samfunnsdel til kommuneplanen for 2021-2033 låg ute til offentlig høyring/ettersyn i perioden 26.02.2021-12.04.2021, og vart vedteken i kommunestyret 07.10.2021, sak KST-049/21.



Samfunnsdelen viser korleis vi fram mot 2033 skal utvikle kommunale tenester, legge til rette for samfunnsutvikling, og løyse oppgåver kommunen står overfor. Med kommuneplanen sin samfunnsdel tek Bremanger grep om kommunen si heilskaplege planlegging for framtida, både for lokalsamfunnet og for kommunen som organisasjon og tenesteytar. I planen tar vi stilling til langsiktige utfordringar, fastset mål og strategiar for kommunen, og legg grunnlag for dei strategiske planane.

Bremanger kommune si hovudutfordring framover er folketalsutvikling og demografi. Vi vert stadig fleire eldre, og får færre yrkesaktive innbyggjarar. For å skape vekst og utvikling, treng vi tilflytting. Kommunen må bli ein meir attraktiv plass å flytte til, og det må verte meir attraktivt å bli verande her. Vi ønskjer også at det skal vere attraktivt å besøke Bremanger, og at det blir endå meir attraktivt å skape og drive næring for framtida i kommunen.

Samfunnsdelen legg føringar for arealdelen, og omfattar m.a ein overordna arealstrategi.

### 2.3 Føremål

Arealdelen skal ha eit langsiktig perspektiv, og revisjonsarbeidet har hatt som mål å oppdatere planen i samsvar med dagens arealbruk, samt legge til rette for framtidig vekst og berekraftig utvikling i Bremanger, i samsvar med føringar i samfunnsdelen.

Kommunen står i dag føre fleire utfordringar, mellom anna knytt til folketalsutvikling, demografi, folkehelse, arbeid, næring, bustader og samfunnstryggleik.

Visjonen for Bremanger kommune er «Leve, virke, nyte – heile livet».

Visjonen er ei framtidretta skildring av korleis kommunen ønskjer å bli, og skal motivere dei som bur, jobbar og ønskjer å etablere seg i Bremanger. Utviklinga av Bremanger som kommune er eit felles ansvar, der kommune, innbyggjarar, dei som har sitt virke, og alle som elles ferdast i Bremanger, må stå saman for å få dette til.

Dersom vi skal ha busetnad i bygdene i Bremanger i framtida, må vi gjere Bremanger-samfunnet attraktivt. I følgje Telemarksforskning kan stader vere attraktive på tre måtar.




Fig: Attraktivitetspyramiden (Telemarksforskning)

Konklusjonane er at dei mest sentrale tiltaka for at ein stad skal bli attraktiv som **stad å bu** er å:

1. Stimulere til bustadbygging og renovering/oppgradering av eksisterande bustader
2. Skape sosiale møteplassar og sentra
3. Leggje til rette for betre kommunikasjon for pendlarar
4. Ta vare på innvandrarak og andre tilflyttarak
5. Sikre nærfriluftsområde

For å bli meir attraktive for **bedrifter**, så er det viktigaste at vi:

1. Blir attraktive for kompetente (kompetansearbeidsplassar)
2. Samarbeider over kommunegrenser
3. Satsar på innovasjon og nettverk

For å bli attraktiv som **besøkskommune**, så må vi leggje til rette for:

1. Tenester og opplevingar for eigne innbyggjarar
2. Tenester og opplevingar for andre i regionen
3. Teneste og opplevingar for langvegsfarande
4. Hyttebygging/overnatting

Samfunnsdelen set mål for korleis vi vil ha det i Bremanger i framtida (overordna mål):

**Bremanger kommune er eit framtidretta samfunn som tek vare på naturgjevne fortrinn, kulturell identitet og som har levande lokalmiljø. Kommunen har høg bustads-, arbeids- og besøksattraktivitet og er i vekst.**

Samfunnsdelen skisserer delmål, og tiltak for å nå desse måla. Fleire av tiltaka går konkret på arealbruk, og er viktig å vidareføre i arealdelen for at planen skal kunne vere eit bidrag i arbeidet med å gjere Bremanger til ein attraktiv stad for busetjing og etablering av bedrifter, og som destinasjon for turistar.

Det er prioritert fire hovudtema i kommuneplanarbeidet:

- Arbeid/næring
- Bustader/bustadområde
- Fritid/kultur
- Kommunale tenester

Det er også peika på at **folkehelse, grønne val, infrastruktur og beredskap/tryggleik**, må takast omsyn til i all planlegging. Dette er tema som går på tvers av teneste- og utviklingsområda, og som er sentrale for kommunen si utvikling.

Vidare er det i samfunnsdelen utarbeidd arealføringar knytt til utvalde tema, som blir presenterte i kapittel 5 av planomtalen.

## 2.4 Organisering av planarbeidet

Ansvar for planlegginga etter lova ligg hos kommunestyra, regionale planmynde og kongen (jf. PBL § 3-2). Det er som tidlegare nemnt kommunen som har ansvaret for å utarbeide kommuneplanen sin arealdel (KPA). I prosessen frå oppstart av arealdelen er arbeidet organisert på følgjande vis:

*Kommunestyret* er oppdragsgjevar og prosjekteigar. Det er kommunestyret som har ansvaret for den politiske handsaminga av planen, og er instansen som skal gjennomføre eit endeleg vedtak av kommuneplanen .

*Formannskapet* si rolle er å sikre at arbeidet med KPA er forankra i dei politiske partia, og at kommunikasjon med og medverknad av innbyggjarane blir ivareteke. Formannskapet skal òg handsame planframlegget før utlegging til offentleg ettersyn og før endeleg handsaming i kommunestyret (jf. Planprogram for kommuneplan for Bremanger 2018-2030. Samfunnsdel og arealdel»).

*Kommunedirektøren* Tom Joensen har det overordna ansvaret for kommunen sin administrasjon, og kjem med si tilråding til kommunestyret ved vedtak om offentleg ettersyn og endeleg vedtak av planen.

*Arbeidsgruppe i administrasjonen* har hatt ansvar for prosjektleiing og utarbeiding av deler av grunnlagsmaterialet, samt føresegner. Arbeidsgruppa har i hovudsak bestått av leiar for plan og forvaltning Magnhild Myklebust, arealplanleggar Inger Hilde og kommunalsjef for samfunn og utvikling Karl Vidar Førde.

*Nordplan* fekk i juni 2018 tildelt oppdraget med utarbeiding av plandokumenta til arealdelen, og utarbeide plankart, planomtale og konsekvensutgreiing med grunnlag i synfaring til 1.gongs offentleg ettersyn/høyring. Prosjektleiar ved Nordplan har vore arealplanleggar Siri Gausemel, og prosjektmedarbeidar og arealplanleggar May-Britt Drage Bakke har i samarbeid med prosjektleiar utarbeidd 1. versjon av tekstdokumenta til arealdelen. Arealplanleggarane Halvard Straume og Arild Rindal har hatt ansvar for kartarbeidet til 1.gongs offentleg høyring av planframlegget. Til 2. og 3. gongs offentleg høyring er plankartet revidert av Feste AS v/Knut Olav Torkildsen..

Alle dokument vart utarbeidd i samarbeid med Bremanger kommune si *arbeidsgruppe*, og alle endringar som er gjort i plandokumenta etter 1.gongs offentleg ettersyn er utført av arbeidsgruppa i kommunen. På grunnlag av tilbakemeldingar frå regionale og nasjonale styresmakter, ny vedteken samfunnsdel til kommuneplanen, og nye innspel, vart det gjort store endringar i plandokumenta til 2.og 3. gongs offentlege ettersyn. Det er også gjort endringar etter 3.gongs offentleg ettersyn, m.a. etter motsegner frå Kystverket, NVE og Statsforvaltaren.

## 2.5 Planprosessen

God planlegging er avhengig av samarbeid på tvers av forvaltningsnivåa, men òg mellom ulike fagdisiplinar. I tillegg skal private ha høve til å kome med innspel og merknader undervegs i planprosessen. Dette er eit lovfesta krav i plan- og bygningslova.

Minstekravet i plan- og bygningslova er å opne for innspel og merknader ved starten av planprosessen med kunngjering planoppstart og høyring av planprogram, og deretter ved offentleg ettersyn (jf. PBL kap. 5 og 11). Det er først ved offentleg ettersyn at plandokument som t.d. utkast til plankartet og føresegnene til arealdelen er ferdigstilte og tilgjengelege for ålmenta.

Oppstart av planarbeid med planprogram vart varsla i avisene Firdaposten og Fjordenes Tidende 9. april 2018, med frist for å sende inn innspel 22.mai 2018.

29.05.2019 vart planen drøfta i regionalt planforum. Kommunen presenterte aktuelle problemstillingar knytt til konsekvensutgreiing og kartarbeid. Avklaringar i samband med møtet går fram av kap. 2.6 i KU-rapporten.

I tillegg til å varsle planoppstart og leggje til rette for innsending av innspel og merknader til planprogrammet, har Bremanger kommune opna for medverknad gjennom deltaking på bygdemøte. Planlagde folkemøte ved 1.gongs utlegging av planframlegget til offentleg ettersyn vart avlyst pga korona-situasjonen, men dei som ynskte fekk høve til møte med kommunen for å gå gjennom verknadane av planframlegget, spesielt knytte til deira eigedom og interesser. Ved 2.gongs offentleg ettersyn av arealdelen vart det halde folkemøte på Hauge for området Kalvåg-Grotle-Berle, i Ålfoten for området Ålfoten-Dombestein-Bortnen, og i Svelgen for området frå Sørgulen til Dyrstad.

# 3 Grunnlag for planarbeidet

## 3.1 Plan- og bygningslova

Føringar for innhaldet i arealdelen går mellom anna fram av plan- og bygningslova § 11-5 Kommuneplanens arealdel:

*Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.*

*Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.*

*Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedformål og hensynssoner for bruk og vern av arealer.*

*Kommunen kan etter vurdering av eget behov detaljere kommuneplanens arealdel for hele eller deler av kommunens område med nærmere angitte underformål for arealbruk, hensynssoner og bestemmelser, jf. §§ 11-7 til 11-11.*

### 3.2 Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 vart vedtek ved kongeleg resolusjon 14.mai 2019. Forventningane til fylkeskommunane og kommunane er m.a knytt til fylgjande:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling
- FN sine berekraftsmål som grunnlag for regional og kommunal planlegging
- Tydleg retning for samfunnsutviklinga
- Effektive og kunnskapsbaserte planprosessar
- God gjennomføring av arealplanar
- Auka bruk av digitale verktøy i planlegginga
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Næringsutvikling gjev grunnlag for velferd
- Eit samfunn med lave utlepp, som er trygt og tilpassa klimaendringane
- Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar
- Ressursbasert næringsutvikling
- Berekraftig areal- og transportutvikling (styrka knutepunktutvikling, meir vekt på regionale løysingar)
- Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve (opne og inkluderande, trygge og helsefremjande, kvalitet i dei fysiske omgjevnadane og levande sentrumsområde)

Det er også fleire statlege planretningslinjer og rundskriv/planar som legg føringar for arealplanarbeidet i kommunane:

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)

- Retningslinjene gjev ei geografisk differensiering av strandsoneforvaltninga.
- Skal gje kommunane grunnlag for å balansere omsyna til allmenne interesser (natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv) i strandsona og grunnlaget for næring og busetnad langs kysten i arealplanlegginga.

Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning, fastsatt ved kgl.res. 28. september 2018

- Retningslinjene seier at arbeidet med klimatilpasning skal bidra til at samfunnet blir betre rusta til å møte klimaendringane, gjennom å sikre at kommunar og fylkeskommunar unngår eller avgrensar risiko, sårbarheit og ulemper.
- *Klimatilpasning er et sektorovergrep som krever samordning og samarbeid på tvers av sektorer, og mellom kommunale, fylkeskommunale og statlige organer (jf. kap. 4.2). Kommuneplanens arealdel må brukes aktivt for å oppnå en samlet arealdisponering som ivaretar hensynet til et klima i endring. I planprogrammet skal det gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer behov for oppheving eller revisjon av gjeldende reguleringsplaner. Jf. kap. 4.3.*

Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging (2014)

- Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafiksikkerheit og effektiv trafikkavvikling.
- Planlegging skal bidra til å utvikle bærekraftige byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og framme helse, miljø og livskvalitet.
- Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremma utvikling av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennleg transportformer.

Nasjonal transportplan 2018-2029 (2017)

- Ein plan for korleis ein dei neste åra skal arbeide i retning av det overordna og langsiktige målet i transportpolitikken; eit sikkert transportsystem som fremjar verdiskaping og bidreg til omstilling til eit lågutsleppssamfunn.

Rikspolitisk retningslinje for å styrke barn og unges interesser i planlegging (1995)

- Retningslinjene har som føremål å synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova.
- Retningslinjene skal gje kommunane eit betre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unge sine interesser i si planlegging og byggesakshandsaming. Dei skal òg gje eit grunnlag for å vurdere saker der barn og unge sine interesser kjem i konflikt med andre omsyn/interesser.

Rundskriv H-6/18: Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder (oktober 2018)

- Omhandlar korleis plan- og bygningslova og viktige sektorlover i kystnære sjøområde skal sjåast i samanheng og samordnast.

Rundskriv H-5/18: Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling (oktober 2018)

- Rundskrivet gjev ei overordna oversikt på temaet samfunnssikkerheit. Rundskrivet skal ikkje erstatte retningslinjer og rettleiarar som gjev føringar knytt til ulike faretema, men har som føremål å gjere greie for dei reglane i plan- og bygningslova som varetek omsynet til samfunnssikkerheit.

Nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken 2021-2024, «Alle trenger et trygt hjem»

Oversikta over nasjonale føringar er ikkje oppdatert etter 3.gongs offentleg høyring i 2024.

### 3.3 Regionale føringar

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi, vedteken 28.september 2020.

- Planen set strategisk retning for utviklinga i fylket dei neste fire åra. Planen byggjer på berekraftmåla til FN, og skal vere eit verktøy for å gjere Vestland til det mest framoverlente fylket i landet.

Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033

- Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Klimaomstilling er sentralt i planen.

Strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029

- Mål med planen er ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande.
- Trekk fram at å etablere felles satsing på betre infrastruktur for å utvide bu-, arbeids- og serviceområde (BAS-områda) langs kysten er avgjerande for å auke attraktiviteten for næringsutvikling og busetjing. Det må gjerast eit langsiktig arbeid for å realisere betre infrastruktur nord-sør og betre vilkåra for transport av personar og gods sjøvegen, samt etablere betre digital infrastruktur.

Regional transportplan Vestland, 2022-2033. Godkjent i fylkestinget desember 2021.

Planen er samansett av fire hovuddeler; hovuddokumentet, handlingsprogram med investeringsprogram, strategi for mjuke trafikantar og strategi for berekraftig mobilitet.

Regional plan for klima 2022-2035, Vestland, vedteke i fylkestinget 15. desember 2022

Klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga, og skal inngå i alt vi gjer. Vestland skal vise vegen mot det gode, berekraftige og trygge nullutsleppsamfunnet.

Regional vassforvaltningsplan for Vestland 2022-2027

- Tilstanden av alle vassførekomstar i Bremanger og miljømåla deira er gjeven i databasen vann-nett.

Temaplan landbruk for Vestland fylke 2023-2027, vedteke av fylkestinget i desember 2022.

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018-2022, vedteken i fylkestinget i april 2018.

Handelsføresegn for Sogn og Fjordane med retningslinjer, vedteken i fylkestinget 02.10.

- Handelsføresegna gir føringar for å oppfylle statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.
- Føresegna set krav om at all handelsverksemd skal lokalisert innanfor sentrumsavgrønsinga. Avgrensing av sentrumsområde skal vere fastsett i gjeldande plankart til KPA, eller etter ei planfagleg vurdering kan ein avgrense sentrumsområde i områdereguleringsplan som dekkjer heile sentrum.
- Viss ikkje sentrum er fastsett i KPA eller i områderegulering, skal følgjande avstander ligge til grunn som den maksimale utstrekninga:
  - o Fylkessenter: 800 m frå ytterkant til ytterkant av sentrum
  - o Regionsenter: 800 m frå ytterkant til ytterkant av sentrum
  - o Kommunesenter: 500 m frå ytterkant til ytterkant av sentrum
- Ei kvar nyetablering skal vere tilpassa staden sin storleik, funksjon, omland og særigne kvalitetar.
- **Pkt. 1.3 i føresegna, setninga "Kommunen kan sjølv regulere inn fleire sentrumsområde i same regionsenter (BAS område)" under punkt 1.3. i handelsføresegna gjeld ikkje, pga motsegn frå Statsforvaltaren.**

Oversikta over regionale føringar er ikkje oppdatert etter 3.gongs offentleg høyring i 2024.

### 3.4 Lokale føringar

**Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2033**, vedteken i kommunestyret 07.10.2021.

- Fastsett hovudmål, med tilhøyrande delmål og tiltak, for utvikling, m.a for arbeid og næring, bustader og bustadområde, fritid/kultur og kommunale tenester.

**Planstrategi for Bremanger kommune 2022-2024**, vedteken 16.06.2022

**Planprogram for kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel**, datert 15.11.2018, vedteke 20.12.2018.

**Kulturmiljøplan for Bremanger kommune 2021-2030**, vedteke av kommunestyret 25.03.2021.

Viktige tema i planen er m.a oversyn og verdsetting av viktige kulturminne, kulturmiljø og -landskap, og betre forvaltning av kulturmiljø bl.a. gjennom bruk av plan- og bygningslova.

**Strategisk næringsplan 2015-2020 Bremanger kommune**, november 2014

- Trekkjer fram kva område kommunen vil prioritere som innsatsområde for å stimulere til næringsutvikling.
- Følgjande næringer blir definert som sentrale i Bremanger:
  - o Fiskeri og havbruk
  - o Industri og leverandørbedrifter
  - o Fornybar energi
  - o Reiseliv, oppleving og kultur
  - o Landbruk og skogbruk

Arbeid med ny næringsplan er starta opp våren 2023.

**Folkehelseoversiktsdokument for Bremanger kommune**, 2017, revidert i 2022. Godkjent av Bremanger kommunestyre 16.06.2022.

**Energi og klimaplan 2009-2013**, vedteken i kommunestyret 15.12.2009. Kommunen har starta arbeid med ny Klima- og miljøplan i 2022. Planarbeidet skal byggje på føringar i samfunnsdelen, og hovudfokus i planarbeidet er utsleppsreduksjon, klimatilpassing og naturmangfald.

#### Forprosjektet kommunereforma, 2016

- Utarbeidd i samband med forarbeidet inneheld informasjon om no-situasjonen i Bremanger innanfor fleire relevante tema for arealdelen.

### 3.5 Vidareføring av eksisterande planar

Kommunedelplanane for Botnane, Rugsund-Leirgulen og Davik er ikkje ein del av dette planarbeidet. Reguleringsplaner innanfor planområdet som er eldre enn ti år er gjennomgått og vurdert om dei er i strid med gjeldande regelverk. Vurderinga går fram av vedlegget «Vurdering av kva reguleringsplanar som skal vidareførast – KPA 2022, 15.07.2022». Konklusjonen er oppsummert i tabellen under:

PlanID	Plannamn	Konklusjon
4648.2018.03	Fv. 614 Svelgen-Myklebust	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2018.02	Reguleringsplan LNF-føremål Gildreneset	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2018.01	Reguleringsplan Fv 614, gang- og sykkelveg Svelgen	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2017.02	Reguleringsplan Grotlesanden	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2016.04	Reguleringsplan montørbase SFE	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2016.03	Reguleringsplan steinbrot Aksla	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2016.02	Industriområde Breivika	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2016.01	Reguleringsplan klatresti Hornelen	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2013.04	Hesteberget	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2013.03	Kryss ved rådhus Svelgen	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2013.02	Bustadfelt Frøyen ved Steinset	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2012.07	Løvikneset hyttefelt	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2012.06	Smørhamn næringsområde massetak	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2012.05	Igland hyttegrend endring	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2012.04	Kalvøya fiskerihamn	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2012.03	Svelgen Sentrum nord	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2012.02	Frøyen skule hente-/bringesituasjon	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2012.01	Hauge bustadtomtar og HDU-bustader	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2011.02	Setrefjellet Dyrstad steintak	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2011.01	Struen hyttefelt	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2010.04	Gildreneset hyttefelt mindre endring	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2010.03	Buvika Kalvåg	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2010.02	Riseelva gangvegssystem	Vidareført uendra, med omsynssone H910
1438.2010.01	Holmaneset næringsområde	Bandlagt i påvente av regulering

1438.2009.11	Banktomta Kalvåg	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.2009.10	Bremangersambandet 2 Sjørdalsbotnen deponiområde	Opphevast
1438.2009.09	Bremangersambandet 2 Bortnen-Sjørdalsvatnet endring	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.2009.05	Gildreneset hyttefelt	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2009.04	Nøre bakkjen hyttefelt Grotle	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.2009.03	Langeneset nedste neset	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2008.04	Vågane hyttefelt	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.2007.03	Svarstad, utbyggingsplan hyttefelt	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2007.02	Bremangersambandet 2 Kolset-Bortnen	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.2007.01	Bremangersambandet 2 Bortnen-Sjørdalen	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.2006.06	Lisethøgda hytte-/bustadfelt	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2006.04	Dyrstad hyttefelt	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.2006.03	Bjørsvika Hauge	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2006.02	Setrevika deponi	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.2006.01	Gulestø steinbrot, endring	Opphevast
1438.2005.01	Utbyggingsplan Smørhamn	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2004.03	Novelandet, Bakkevik gbn 29/2	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2004.02	Gulestø steinbrot	Erstatta av planid. 2006.01
1438.2004.01	Svelgsdalen, motorsportbane	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2003.03	Åskora, Yksnelvane, Bjørndalen, anleggsveg	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2003.02	Gloføk hyttefelt, mindre endring utan ettersyn	Opphevast
1438.2003.01	Igland hyttegrend	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2002.04	Hauge bustadfelt, bak Stasjonen barnehage	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.2002.03	Fagrevika Kjelkenes hyttefelt	Opphevast
1438.2002.02	Sigdestadneset	Bandlagt i påvente av regulering
1438.2002.01	Gloføk hyttefelt	Opphevast
1438.2001.02	Iglandsvik	Bandlagt i påvente av regulering
1438.2001.01	Svelgen sentrum	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1998.02	Kalvåg	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10. Etter planstrategien skal det startast prosess med ny reguleringsplan for Kalvåg i 2023.
1438.1998.01	Breivika	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.

1438.1997.03	Reguleringsplan for anleggsveg og masselager Krakevik	Opphevast
1438.1997.02	Reguleringsplan for rassikring Magnhildskaret	Opphevast
1438.1997.01	Endring Bjørsvika, utviding industriareal	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1996.02	Veg til Berleneset	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement
1438.1995.04	Reguleringsplan massedeponi Berlepollen	Opphevast
1438.1995.03	Reguleringsplan massedeponi Haukedalsstranda	Opphevast
1438.1995.02	Kolset-Klubben, rasteplass Gloføykje	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1994.04	Myklebust kryss	Opphevast
1438.1994.03	Hauge endring Bjørsvika	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1994.02	Sande II Mevika, endring forretningstomt	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1994.01	Kjelkenesvågen småbåthamn	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1993.01	Hauge	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1992.01	Struen bustadfelt	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.1991.01	Brotane bustadfelt	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1989.02	Pelsdyrgard Varpe	Opphevast
1438.1989.01	Tretteskjervika	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1988.02	Langesjø hyttegrend	Opphevast
1438.1988.01	Skaret bustadfelt	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.1987.01	Sande 2 Mevika, 2 bustadtomtar	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1983.01	Svehogane bustadfelt	Vidareført uendra, med omsynssone Hg10
1438.1982.02	Håksskaret bustadfelt	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1982.01	Sande II Mevika endring naust	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1977.02	Bustadfelt Ryland	Opphevast
1438.1977.01	Sande 2 Svelgen, Mevika	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.1972.01	Sande I	Underordna ny KPA. Gjeld som supplement.
1438.2012.10	Kommunedelplan for parsell av fv 614, Svelgen-Myklebust	Opphevast

Prosess for oppheving av reguleringsplanar blir gjennomført parallelt med kommuneplanarbeidet.

## 4 Omsyn i planlegginga

### 4.1 Lokalisering


Bremanger ligg ytst i Nordfjord og har i tillegg til fastlandet tre store øyar; Bremangerlandet, Rugsundøy og Frøya. Fastlandsdelen strekk seg sørover langs kysten til Husefest nord for munningen av Nordalsfjorden og austover langs Nordfjord forbi Yksneelvane. Bremanger omfattar òg det aller meste av Ålfotbreen og fjella omkring (jf. Forstudium Kommunereforma, 03.12.2015).

Med sine 820 km<sup>2</sup> er dette ei kommune med store areal, noko som føre til store avstandar innanfor kommunegrensa. Fullføringa av Bremanger-sambandet 2 i 2013 korta ned reisetida frå kommunesenteret Svelgen ut til øyane. Det går i dag ferje over Nordfjorden frå Oldeide til Måløy i Kinn kommune og frå Isane til Stårheim i Stad kommune. Forbindelse mot Kinn kommune i sør er sikra gjennom fylkesveg 614 og hurtigbåtforbindelse frå Smørhamn, som har dagleg avgangar til både Florø i sør og Måløy i nord.

### 4.2 Folketalsutvikling

Kommunen har pr 3.kvartal 2021 3550 innbyggjarar. Nær halvparten av innbyggjarane er lokalisert omkring Gulenfjorden og kommunesenteret Svelgen som ligg inst i fjorden

Bremanger kommune har utfordringar knytt til demografi:



Kjelde: SSB

Bremangerbygda inkludert Ryland og Dalen, har opplevd nedgang med 155 innbyggjarar frå 2007 til 2021, og det bur no 810 personar i dette området. Dette gjev ei negativ endring på om lag 15 % i denne perioden. Områda Berle, Hunskår og Oldeide har hatt ein samla nedgang frå 2007 til 2021 på 26 innbyggjarar, frå 122 til 96.

Områda Rugsund og Leirgulen har frå 2007 til 2021 hatt ein nedgang frå 258 innbyggjarar til 202. Ålfoten og Isane har i same periode gått frå totalt 230 til 205 innbyggjarar og Midtgulen frå 181 til 168.

Kommunesenteret Svelgen hadde i 2021 1159 registrerte innbyggjarar (SSB), om lag som i 2007 då der var 1164 (tal frå SSB).

Kalvåg var registrert med 402 innbyggjarar i 2021. Dette er ein oppgang med 115 innbyggjarar sidan 2007, basert på tal frå SSB.

Davik, Nesbø/Dyrstad og Botnane har òg opplevd positiv folketalsutvikling samla sett i perioden frå 2007 til 2021, Davik med 13 innbyggjarar (til 295), Nesbø med 8 (til 42) og Botnane med 9 (til 46).

Som for mange andre kommunar i Sogn og Fjordane, vise framskrivingane for folketal fram mot 2040 ein negativ tendens og det demografiske mønsteret er i endring. Ein større del av innbyggjarane blir over 67 år og over 90 år.

SSB sine framskrivingar til 2040 er baserte på tre ulike scenario for utvikling nasjonalt, desse har ulike føresetnader om komponentane som har innverknad på utviklinga av folketallet. Framskrivning for Bremanger (pr. 01.01.2022) er vist under og stadfester den negative trenden:

	Status 2021	Hovud alternativ	Lav nasjonal vekst	Høg nasjonal vekst
<b>Framskrivne alternativ 2040</b>	3550	3193	2965	3439

### 4.3 Berekraftig utvikling som føresetnad for arealbruken

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» gjev regjeringa føringar for at kommunane skal leggje FN sine berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Kommunen skal nytte mellom anna berekraftsmåla som verktøy for å utvikle samfunnet i ei retning som gjev berekraftige lokale løysingar, som og bidreg globalt.

I samfunnsdelen av kommuneplanen er det med utgangspunkt i kommunen sin visjon for samfunnsutviklinga valt å setje spesielt fokus på 9 av FN sine berekraftsmål.



Målet knytt til bærekraftige byar og samfunn må leggjast til grunn for all arealplanlegging, og arealplanprosessen skal gjennom medverknad bidra til medvit og samarbeid for å nå måla. Elles er måla knytt til helse (3), miljø (13,14,15), infrastruktur (9) også spesielt relevante for arealplanlegginga.


## 4.4 Gjennomgåande omsyn i planarbeidet

I planprogrammet og samfunnsdelen er det definert fire gjennomgåande tema som går på tvers av teneste- og utviklingsområda og som skal takast omsyn til i all planlegging. FN sine berekraftsmål vil også gjelde på tvers av tenestene og utviklingsområda, og dei mest sentrale av berekraftmåla er vist for kvart av dei gjennomgåande omsyna i planarbeidet.

### Folkehelse




Ei av utfordringane som er peika på i Folkehelseoversiktsdokumentet for Bremanger kommune (2017, revidert 2022) er låg kontroll med vasskvalitet, sidan ein låg grad av innbyggjarane er tilknytt kommunale vassverk (kun 63 %) og det derfor er liten kontroll med vasskvaliteten til innbyggjarane. Det er kommunale vassverk i Svelgen, på Ryland (dekkjer Kalvåg sentrum, Ryland, deler av Hauge og Igland) og på Davik, i tillegg til mindre vassverk i Rugsund/Kolset og i Ålfoten. Fortetting i dei tettbygde områda, og lokalisering av ny busetnad i tilknytning til eksisterande infrastruktur og offentleg vassforsyning, vil bidra til å auke kontrollen med drikkevasskvaliteten til fleire av husstandane. Nok og trygt drikkevatt må vere sikra før ein kan opne for utbygging i nye område. Alle vassforsyningar som leverer til to eller fleire bustader/fritidsbustader er registreringspliktige, men det er nok fleire vassforsyningsanlegg i kommunen som ikkje er registrerte hos Mattilsynet. Drikkevassforskrifta set krav om at drikkevattnet skal vere trygt, noko som inneber at det ofte er trong for ei vassbehandling. Etter drikkevassforskrifta §4 er all forureining av drikkevatt forbode, og nedslagsfelt for dei kommunale drikkevasskjeldene er vist som bandleggingssone i plankartet. Det er relativt mange husstandar og hytter som har grunnvassbrønn (borehol), og desse skal vere registrerte i nasjonal grunnvassdatabase, Granada.



Oversiktsbilde grunnvassborehol Bremanger kommune [https://geo.ngu.no/kart/granada\\_mobil/](https://geo.ngu.no/kart/granada_mobil/)

Førekomsten av radon er generelt moderat til lav i Bremanger kommune, men lommar med høg konsentrasjon av radon kan førekomme. Radon er ein usynleg og luktfri radioaktiv gass, som vert danna kontinuerleg i jordskorpa. Gassen er ikkje giftig, men det har vist seg at høge konsentrasjonar i inneluft kan auke risikoen for lungekreft.



NGU Radon aktsemdskart [http://geo.ngu.no/kart/radon\\_mobil/](http://geo.ngu.no/kart/radon_mobil/)

Radonnivå er målt, og er innanfor grenseverdiane for alle skular og barnehagar i kommunen. Statens strålevern tilrår at alle måler førekomst av radon i heimen, og ved oppføring av nye bygg set plan- og bygningslova med forskrifter krav til tiltak mot radon. Radonmålingar som er utført i private husstandar viser få førekomstar over grenseverdi. Det er ikkje planlagt ny busetnad i område med høg aktsemdsgrad for radon.

Høvet til fysisk aktivitet har også stor påverknad på folkehelsa, og det er viktig å sikre tilgangen til friluftsområde der folk bur. Det er også viktig at det blir tilrettelagt for trygg ferdsel til fots og på sykkel mellom bustadområde og arbeid/skule og fritidsaktivitetar.

Folkehelse er eitt av tema som er vurdert i konsekvensutgreiinga for ny arealbruk.


## Grøne val



Dei statlege retningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing skal leggjast til grunn ved kommunal planlegging etter plan- og bygningslova. Formålet med retningslinene er at kommunen gjennom planlegging, utøving av mynde og eiga verksemd skal stimulere til og bidra til reduksjon av klimagassutslepp og auka miljøvennleg energiomlegging.

Bremanger kommune er ein stor produsent av fornybar energi (vass- og vindkraft). Fornybar energi er omtala i punkt 5.3.

Klimagassutsleppa i Bremanger kommune tilsvarar om lag 290 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar pr 2020.



Klimagassane CO<sub>2</sub>, metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O) er inkludert i rekneskapen og omrekna til eininga CO<sub>2</sub>-ekvivalentar (gassen sitt globale oppvarmingspotensial). Rekneskapen omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor kommunen si geografiske grense. Industrien står for hovuddelen av desse utsleppa (om lag 240 000 tonn), og elles er sjøfart ein stor bidragsytar (om lag 35 000 tonn). Vegtrafikk står for kun ein liten del av klimagassutsleppa i kommunen (om lag 5000 tonn), der personbilar utgjer om lag 1500 tonn. Om lag 3500 tonn kjem frå landbruket. Samla utslepp av klimagassar har vore relativt stabile dei siste ti åra, med ein liten reduksjon i 2019.

Den kraftkrevjande industrien, i hovudsak Elkem Bremanger, står for hovuddelen av klimagassutsleppa i kommunen. I mars 2020 opna Elkem ein ny silisiumomn i Svelgen som vil bidra til vesentleg reduksjon av NO<sub>x</sub>-utslepp. Effekten av denne går ikkje fram av statistikken over. Elkem har ambisiøse mål om å redusere sine CO<sub>2</sub>-utslepp, og det er m.a igongsett eit forsknings- og utviklingsprosjekt for utvikling av eit konsept som skal eliminere direkte CO<sub>2</sub>-utslepp frå silisiumsproduksjonen. I tillegg vert det arbeidd med prosjekt for utnytting av hydrogen, og det kan vere potensiale for auka utnytting av spillvarme. Utover ei mindre utviding av eksisterande industriområde mot Sande har ikkje Elkem Bremanger innspel om behov for areal til utviding av verksemda.

Areal og transport skal planleggjast slik at klimautsleppa vert minst mogleg. Ved fortetting og lokalisering av busetnad i nærleiken av tettstadane reduserer ein transportbehovet. Kommunen ynskjer likevel å oppretthalde og stimulere til busetnad i dei ulike grendene. Den spreidde bustadstrukturen i kommunen gjer tilgangen på kollektivtilbod dårleg, og det er viktig å tilrettelegge for at innbyggjarane kan nytte mest mulig miljøvennlege transportmåtar (gange – sykkel – køyretøy med låge utslepp), og t.d tilrettelegging med ladepunkt for elbil i tettstadane og bygdene.

Av personbilane i kommunen er størstedelen dieseldrivne (om lag 60 %), om lag 30 % er bensindrivne og el-bil/hybrid utgjer om lag 10 % (tal frå 2020, SSB). Truleg har delen el- og hybridbilar auka vesentleg siste året. Etter dei nasjonale måla skal alle nye personbilar og lette varebilar vere nullutsleppskøyretøy (elbilar og hydrogenbilar) frå 2025. For å nå dette målet er tilrettelegging av ladepunkt vesentleg. Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter (TEK17) set krav til tilrettelegging for el-lading ved alle nye byggverk med parkeringsplass for personbilar og lette varebilar. Kravet vil også gjelde ved vesentlege fornyingar av byggverk.

Nedbygging av myr og avskoging vil også ha verknader for klimarekneskapen for kommunen. Planforslaget legg ikkje opp til vesentleg nedbygging av myr. I fylgje arealrekneskapen er det avsett byggeområde på ca 100 daa som i dag er myr (jf. AR5). Hovuddelen av dette arealet er eksisterande anlegg (t.d BIA6 Karlskaret lysløype 56 daa, BAB om lag 20 daa) der det ikkje er opna for nybygging eller nye tiltak. Det er ikkje planlagt nye byggeområde for bustader som råkar myr. Om lag 15 daa er byggeområde for fritidsbustader og om lag 14 daa er byggeområde for næring. For nye byggeområde på myr er det sett krav om å unngå myra i størst mogleg grad ved detaljregulering/utbygging. I tillegg er 6 daa myr innanfor område for spreidde fritidsbustader i Fagredalen (LSF8), der det kun er opna for 3 nye einingar med avgrensa storleik og krav om at det ikkje skal byggjast på myrareal eller gjerast tiltak som medfører drenering av myr. Reelt sett er det difor kun risiko for nedbygging av maks 20 daa myrareal. Totalt myrareal innanfor planområdet er 6850daa. Når det gjeld skog er det avsett byggeområde på om lag 2100 daa skog med ulik bonitet. Av dette er hovuddelen næringsareal (640 daa), bustadområde (ca 400 daa) og anna byggeområde (BAB ca 400 daa). 430 daa er eksisterande idrettsanlegg der det ikkje skal gjerast ny utbygging. I tillegg til byggeområda er det opna for spreidd bygging på om lag 160 daa skog. Det er vektlagt at ved utbygging skal vegetasjon takast vare på så langt som råd. Totalt areal med skog i planområdet er utrekna til 157 000 daa.

Kommunen har pr 2022 sett igong arbeid med ny miljø- og klimaplan, som skal m.a skal resultere i tiltaksplan for å redusere klimagassutsleppa i kommunen.

## Infrastruktur



Infrastruktur er nærare omtala i punkt 5.6, og framtidig kystveg i punkt 4.5

## Beredskap/tryggleik



I «Heilskapleg ROS-analyse for Bremanger kommune» er det risikovurdert uønska hendingar og ulike scenarier knytt til slike hendingar. For uønska hendingar med høg risikofaktor er det sett opp tiltaksplan med risikoreducerande tiltak (førebyggjande tiltak og konsekvensreducerande tiltak). Dokumentet vert oppdatert kontinuerleg, og ROS-analysar for flaum og stormflo er under arbeid.

Risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen er i hovudsak knytt til naturfarar (skred, flaum, stormflo), transportnettet (trafikk-/tunnelulukke), brann i institusjon eller tettbyggt område og storulukkeverksemdene.

Etter «Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassning» skal kommuneplanen sin arealdel brukast aktivt for å oppnå ei samla arealdisponering som ivaretek omsynet til eit klima i endring. Ved vurdering av konsekvensane av klimaendringane skal høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar leggjast til grunn. I fylgje Klimaprofilen for Sogn og Fjordane (Norsk klimaservicesenter, 2021) vil klimaendringane i Sogn og Fjordane særleg føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn, endringar i flaumforhold og flaumstorleikar, jordskred og flaumskred, samt havnivåstiging og stormflo.

Geografien i kommunen, med høge og bratte fjell, gjer at det er potensiell fare for stein- og snøskred mange stader i kommunen. NVE utførte i 2017 kartlegging av skredfare i områda Svelgen, Kalvåg, Bremangerbygda, Davik, Svarstad-Varpe, Berle, Hornskor, Skatestraumen, Kolset, Ålfoten, Ytrehus, Sandvika og i Botnane. I tillegg fekk kommunen utført kartlegging av 15 delområde, der det var tre eller fleire eksisterande bustadhus innanfor aktsemdsområde for stein- og snøskred (NGI). Kartlegginga viser at det er enkelte bustadhus, og nokre fritidsbustader, som ligg innanfor område der risikoen for skred er større enn det som er akseptabelt etter nye krav (TEK17). Kommunen har ikkje avsett midlar til sikring av eksisterande bygg, men viser til NVE sine tilskotsordningar <https://www.nve.no/naturfare/sikringstiltak/soknad-om-stotte-til-sikringstiltak-og-tiltak-for-miljotilpassning-av-sikringstiltak/>. Skredfaresonekarta er tilgjengeleg i NVE sine temakart, og skredfaresonene vert vist som faresoner i plankartet. I område der det ikkje er utført skredfarekartlegging vert aktsemdsområde for stein- og snøskred (NGI) og aktsemdsområde for jord- og flaumskred vist som faresone. Etter at plankartet vart utarbeidd er det komme nye aktsemdskart for snøskredfare, og endra retningslinjer for kva aktsemdskart for steinskred/-sprang som skal nyttast. Nye aktsemdskart for steinskred/-sprang er under utarbeiding, og alle nye tiltak bør sjekkast opp mot best tilgjengeleg kunnskap om skredfare.

Det er få lange elvar/vassdrag i kommunen med stor vassføring, og fleire av vassdraga er regulerte gjennom kraftutbygging (Svelgselva, Riseelva, Åskorelva, Yksnelvane m.fl.). Regulering kan

redusere risiko for flaum, men vil og gje risiko for dambrot. Dambrotsbølgeberekningar viser at deler av busetnaden i Svelgen sentrum vil kunne bli overfløymd ved dambrot i Svelgsvatn, Sørdalsvatn og Hjelmevatn, og at fire bustadhus på Ryland kan bli råka ved dambrot ved Rylandsvatnet (vassuttak for drikkevassforsyning). Det er ikkje kartlagt reell flaumfare i kommunen. Aktsemdskarta for flaum (NVE) viser at det er busetnad innanfor område med potensiell flaumfare både langs Iglandselva, Haugselva, Førselva, Seljedalselva (Kalvåg), Bortneelva, og elvar på Grotle, Botnane, Hennøystranda, Rugsund, Davik og Sande i Svelgen. Klimaframskrivingane tyder på at det i alle deler av landet vil bli meir nedbør og hyppigare episodar med styrtregn, og difor hyppigare og større flaumar i små vassdrag. For alle vassdrag med nedslagsfelt mindre enn ca. 100 km<sup>2</sup>, noko som vil gjelde alle vassdraga i kommunen, må ein rekne med minst 20 % auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50 - 100 åra, jf. retningslinene «Flaum- og skredfare i arealplanar (NVE, 2/2011, rev. 2014). I arealdelen er nye byggeområde plassert i god avstand frå vassdrag med årssikker vassføring, og innanfor aktsemdsområdet skal det gjerast flaumfarevurdering av fagkunnige før det kan førast opp bygg med varig personopphald. Det skal visast særleg aktsemd i bratte vassdrag der vatnet kan grave ut nye løp eller rive med seg lausmassar i flaumskred. I 2018 gjennomførte kommunen ei kartlegging av kritiske punkt i bekkar på Sande og Rise i Svelgen og i Kalvåg, og ROS-analyse knytt til desse viste behov for tiltak. Ved planlegging av nye byggeområde som ikkje drenerer direkte til sjø, vil det i samband med detaljregulering bli sett krav om utgreiing og eventuell utbetring av kritiske punkt nedstraums byggeområdet. I klimaprofilen for Sogn og Fjordane er tilrådd klimapåslag på flaumvassføring 20 % eller 40 % for alle nedbørfelt i Sogn og Fjordane, avhengig av plassering og flaumsesong.

Bremanger har lang kystlinje, og stormflo og havnivåstiging vil kunne påverke store areal i kommunen. I temarettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap er det oppgjeve stormflotal (middelverdi) og havnivåstiging med tilrådd klimapåslag for norske kystkommunar. For Bremanger (Vedlegg 2, tabell 7) er returnivå for stormflo i Svelgen 149/162/170 cm over middelvatn for tryggleiksklasse 1, 2 og 3, og havnivåstiging med klimapåslag er 69 cm (NN2000).

Tryggleiksklasse 1: 149 cm (middelverdi) for 20-års returnivå + 74 cm havnivåstiging (95 percentilen/klimapåslag) – 5 cm (kartgrunnlag NN2000) = 218 cm (avrunda til 220 cm)  
Tryggleiksklasse 2: 162 cm (middelverdi) for 200-års returnivå + 74 cm havnivåstiging (95 percentilen/klimapåslag) – 5 cm (kartgrunnlag NN2000) = 231 cm (avrunda til 230 cm)  
Tryggleiksklasse 3: 170 cm (middelverdi) for 1000-års returnivå + 74 cm havnivåstiging (95 percentilen/ klimapåslag) – 5 cm (kartgrunnlag NN2000) = 239 cm (avrunda til 240 cm)

Bølgjepåverknad og vindoppstuving er ikkje med i denne utrekninga. Viktige faktorar for bølgjepåverknad vil vere vind, straum, topografi, sjøbotnforhold og strandkant. Bølgjepåverknaden vil vere størst lengst ut mot kysten, medan vindoppstuvinga kan bli størst i fjordane. Det må difor gjerast konkret vurdering av påslaget for bølgjepåverknad og vindoppstuving ved detaljregulering av byggeområde i strandsona og i den enkelte byggjesak.

Tilrådde byggjehøgder ut frå stormflo og havnivåstiging:

Tryggleiksklasse 1 (F1): kote 2,20 (NN200) + påslag for bølgjepåverknad og vindoppstuving

Tryggleiksklasse 2 (F2): kote 2,30 m + påslag for bølgjepåverknad og vindoppstuving

Tryggleiksklasse 3 (F3): kote 2,40 m + påslag for bølgjepåverknad og vindoppstuving

Det er lite av den eksisterande busetnaden i kommunen som ligg i låg høgde, men ein god del fritidsbustader, naust og sjøbuer og infrastruktur vil kunne bli råka av framtidig stormflo og havnivåstiging. Busetnad som vert råka ligg i hovudsak i Kalvåg sentrum.



*Stipulert havnivå ved 200-års stormflo i 2090, Kalvåg sentrum (Kartverket, Se havnivå i kart)*

Reguleringsplanen for Kalvåg sentrum er frå 2000, og er i hovudsak vidareført i arealdelen. I planstrategien er det planlagt ny detaljregulering for Kalvåg sentrum i 2023 og omsyn til stormflo/havnivåstigning, auka overvatn etc. må vere viktige tema i detaljreguleringa.

### Storulukkeverksemder

Kommunen pliktar gjennom arealplanlegging å bidra til å førebyggje at ulukker ved storulukkeverksemder får konsekvensar for omgjevnadane. Det er verksemda sjølv som har plikt til å utgreie og informere om sin risiko. I fylgje storulukkeforskrifta § 6 skal verksemda gje kommunen (arealplanmyndigheten) tilstrekkelege opplysningar om risiko knytt til verksemda.

Det er to verksemder i kommunen som er underlagt storulukke-forskrifta. Dette er Elkem Bremanger i Svelgen og Forcit Norway som ligg i Birkelia i Svelgen-området. Verksemdene ligg om lag 6 km frå kvarandre, og vil ha lite gjensidig påverknad på kvarandre. Transport av sprengstoff frå Forcit vil gå på fylkesveg, om lag 50 m bak Elkem, men det skal ikkje vere eksplosjonsfare knytt til transport av stoffet, og det er vurdert som lite sannsynleg at ei transporthending vil påverke Elkem.

Ved Elkem Bremanger er det Silgrainanlegget, på grunn av lager av Flussyre (HF-løysning), som gjer at verksemda er omfatta av storulukkeforskrifta. Elkem Bremanger har utarbeidd ein sikkerhetsrapport for verksemda, sist oppdatert 21.11.2018.

Det er busetnad på begge sider av Elkem Bremanger, og tilkomsten til busetnaden på Sande (vest for verksemda) går gjennom tunnel i fjellet bak verksemda. Avstanden til busetnaden er på begge sider ca. 50 meter. Elkem Bremanger er handterer mange kjemikaliar som kan representere fare for dei som arbeider i verksemda. Når det gjeld eventuelle uhell som kan ha konsekvensar for personar utanfor verksområdet er det tre stoff i gassform og branngass frå elektrodemasse som er aktuelle, jf. brosjyra «For sikkerhets skyld», Informasjon om beredskap og sikkerhet ved Elkem Bremanger:

- Klor – Uhell ved Silgrain kan føre til utslepp av klor (brot på klorleidning, driftsuhell med saltsyrebrennar), men det er svært lite sannsynleg at dette kan skje. Det kan likevel ikkje utelukkast heilt at det i nokre få tilfelle kan komme små mengder fortynta klogass utanfor verksområdet. Vindretninga vil vere avgjerande for korleis dette merkast, og det er sett opp detektorar i området ved Silgrain-anlegget for å varsle dette. Klogass i farleg konsentrasjon utanfor verksområdet er vurdert som svært lite sannsynleg.
- Saltsyredamp – Uhell ved Silgrain kan føre til utslepp av HCl-damp. Det alvorlegaste scenariet er tankhavari, men det er svært lite sannsynleg at dette skal skje. Driftsuhell med saltsyrebrennar kan også gje HCl-damp utanfor verksområdet slik at det kan merkast av forbi-passarande. Vindretninga vil vere avgjerande for kvar dette vil merkast. Saltsyredamp av farleg konsentrasjon utanfor bedriftsområdet er vurdert som svært lite sannsynleg.
- Hydrogenfluorid-damp (HF, Flussyre) - Uhell ved HQ-anlegget på Silgrain kan føre til utslepp av HF-gass (flussyregass). Det alvorlegaste uhellsscenarioet er hol i ein tank eller beholdar som inneheld konsentrert Flussyre. Det er svært lite sannsynleg at dette skal


skje. Det er sett opp detektorar som skal varsle lekkasje og system for å avgrense damputslepp og leie eventuelle lekkasjar av Flussyre til sjø på ein kontrollert og sikker måte. I produksjons-tankane er HF-konsentrasjonen så lav at det ikkje vert avgjeve HF-damp i nemneverdig grad. HF-gass av farleg konsentrasjon utanfor verksområdet er vurdert som svært lite sannsynleg.

- Elektrodemasse - Elektrodemasse er brukt i elektrodedrifta på omnar og kan under ein brann vere med på å stimulere ein eventuell brann og danne PAH (polyaromatiske benfynylar). Avgass frå ein brann i elektrodemasse vil lukte sterkt av tjære. Branngassar av farleg konsentrasjon utanfor verksområdet er vurdert som svært usannsynleg.

Ved utslag på gassmålarane som er sett opp rundt Silgrain-anlegget vil det umiddelbart rykkje ut personell frå Silgrain-anlegget. Desse vil sperre vegen ved krysset mot Iverplassen, varsle folk som ferdast i området, sjekke om det er folk i tunnelen og sperre vegen ved tunnelopninga på sentrumsida. Driftsoperatørane er trent og utstyrt for å handtere dei fleste hendingar, og verksemda har også industrivern og samarbeid med kommunal brann- og redningsteneste som beredskap ved eventuelle ulukker.

Ut frå Elkem Bremanger sin «Sikkerhetsrapport i henhold til storulukkeforskriften», Safetec Hovudrapport ST-13725 vil det kun vere dei næraste private bustadane som kan bli eksponert for HF-gass ved ein lekkasje hos Elkem. Svelgen sentrum, omsorgssenter, barnehage/skule er vurdert å ikkje kunne bli påverka.

I sikkerhetsrapporten er hendingar frå overordna risikomatrix slått saman til fire scenario for HF-lekkasje (under transport med kran og truck, inne i HQ-anlegget og grunna brann), og det er utarbeidd kart som viser maksimal eksponering for HF-gass for dei fire scenaria.



Figur 4.3 i rapport ST-13725

I plankartet til arealdelen er det lagt inn faresone rundt verksemda basert på dette kartet. Innanfor faresona skal det ikkje etablerast nye større tiltak utan at tilstrekkeleg tryggleik er dokumentert.

Lekkasje av kjemikalier frå verksemda vil renne eller drenere ut i sjøen. I fylgje Elkem si miljørisikoanalyse for tankanlegget, er ikkje kjemikaliane som vert brukt på anlegget miljøskadelege, men stoffa kan ved store utslepp på grunn av lav og høg pH vere akutt skadeleg for vasslevande organismar. Saltsyre, aluminiumklorid og jernklorid er sterke, uorganiske syrer som vil senke pH i vatn kraftig. Natriumhydroksid er ein sterk base som aukar pH i vatn kraftig. Stoffa er biologisk lett nedbrytbart og vert ikkje bioakkumulert. Giftverknad i sjøvatt vil vere lokal og kortvarig. Ulike marine artar vil ha ulik toleranse for kraftig senking eller auke i pH. Botnlevande organismar med avgrensa rørsleevne og plankton vil vere mest utsett for påverknad. Eventuelle oppdrettsanlegg nær eit slikt akuttutslepp vil også vere utsett. Tennøyane naturreservat ligg meir enn 8 km frå anlegget, og vil ikkje bli råka av utslepp eller anna hending hos Elkem.

Forcit Norway har eksplosivlager/råvarestasjon for ammonium-nitrat på tidlegare bossomn i Birkelia Tabell 8 i vedlegg I i «Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter» gjev minsteavstandar til ulike objekt. Sidan det er objekt som ligg nærare anlegget enn kravet har Forcit har lagt fram ei kvantitativ risikoanalyse som dokumenterer at risikoen for desse objekta likevel er akseptabel. DSB ga Forcit fornya løyve i 2019, opprinneleg løyve vart gjeve i 2015. DSB v/Jorunn Johannesen skriv i epost 25.10.2019: «Ved eventuelle endringer i omgivelsene til eksplosivlageret kan det være at fornyet tillatelse til lageret ikke kan bli gitt. Om det er behov for å etablere hensynssone rundt lageret vil være en vurdering som må gjøres opp mot muligheter for flytting av lageret dersom arealbruken endres.»

For eksplosivlager av denne faregruppa og storleik er sikkerheitsavstanden 1220 m til skule/barnehage/sjukeheim etc., 610 m til bustadhus og 405 m til offentlig veg. Det er ikkje busetnad eller større bygg i nærområdet til eksplosivlageret, men det går fylkesveg kun 40 m frå bygget. Omsynssone som faresone brann og eksplosjonsvern vert lagt inn i plankartet 610 m rundt verksemda. Det er ikkje aktuelt å etablere skule/barnehage/sjukeheim eller tilsvarande i dette området, så omsynssone på 610 m vert vurdert som tilstrekkeleg. I føresegnene for faresona vert det krav om at tilstrekkeleg tryggleik må vere dokumentert før det kan etablerast nye, større tiltak. Dette er basert på råd frå DSB, jf. epost frå Jorunn Johannesen 25.10.2019: «Hensynssonene bør angis som faresone brann og eksplosjonsvern. I sonen kan det gis et generelt byggeforbud, men med bestemmelser om at det ved ønske om nye etableringer i området må gjøres nye vurderinger av risiko knyttet til nærheten til storulykkevirksomheten.»

I planframlegget til 3.gongs offentlig høyring er det lagt inn utvida nærings-/industriareal på Holmaneset. Området er bandlagt for regulering, og det er parallelt med arbeidet med arealdelen til kommuneplanen start opp planprosess for områderegulering av Holmaneset, med føremål å etablere produksjon av grønt hydrogen og ammoniakk.

Risiko knytt til denne etableringa og nærleiken til storulukkeverksemda Forcit vert vurdert gjennom konsekvensutgreiing og ROS-analyse til områdereguleringsplanen. Det er utarbeidd kvantitativ risikoanalyse for eit eventuelt hydrogen-/amoniakk-anlegg, og ytre sone vert lagt inn som faresone i plankartet.

Samfunnstryggleik (m.a. naturfarar, beredskap og ulykkesrisiko) er vurdert i ROS-analyse for nye arealbruksområde.

### Brann og redning

Kommunen har brannstasjonar med røykdykkarteneste i Svelgen, på Hauge, i Kalvåg og Davik. I tillegg er det bemanna depot i Berle og ubemanna depot i Botnane/Årebrot (felles med Kinn kommune) og i Rugsund. Oppgåvene til brannmannskapa har i seinare tid blitt utvida, og dei utfører i dag også helseoppdrag (hjertestartar) og assisterer politi. Med store avstandar og lang utrykkingstid for politi og ambulanse utgjer brann og redning ein svært viktig del av den lokale beredskapen. Drift av ein så desentralisert struktur er kostnadskrevjande, men i arealdelen er det ikkje lagt opp å gjere endringar som gjev grunnlag for å redusere beredskapen. Med tilrettelegging for auka busetnad i dei fleste grendene, desentraliserte kommunale tenester og lokalsenter i grendene som i dag har butikk, vil desentralisert brannberedskap måtte oppretthaldast. I samband med strengare krav til lokale for brannstasjon kan det bli gjort nokon endringar (samlokalisering av garderobar/dusj, vaskeri etc), då det er urimeleg kostnadskrevjande å ha fire brannstasjonar som alle skal oppfylle dei gjeldande krava. På grunn av dårleg utbygt offentlig vassleidningsnett utanfor tettstadane er det investert i ny tankbil på Hauge og i Svelgen. Utrykkingstid for nye byggeområde er vurderingstema i konsekvensutreiinga.

## 4.5 Framtidig kystveg

Arealdelen skal vise omsyn til eksisterande planarbeid knytt til kystvegen.

Bremanger og Vågsøy kommune starta i 2012 opp felles planarbeid for Kommunedelplan for Ytre fjordkryssing Nordfjorden. Bakgrunnen for planarbeidet var prosjektet «Kystvegen mellom Måløy og Florø», der målet er ein 45 minutts region som omfattar ein samanhengande bu- og arbeidsmarknadsregion for kystkommunane Flora, Bremanger og Vågsøy. Planprogram vart utarbeidd av Asplan Viak og lagt ut til høyring (datert 14.03.2012), der det vart gjort greie for ulike delstrekningar av den nye kystvegen. Ved handsaming av planframlegg til offentleg høyring i formannskapet i april 2014 vart saka utsett, då formannskapet i Vågsøy 03.04.2014 vedtok å ikkje legge planen ut til offentleg ettersyn, men at det skulle bli innarbeidd brualternativ før eit eventuelt ettersyn.

Bremanger kommune vedtok i 2014 kommunedelplan for parsell av Fv 614 Svelgen-Myklebust. Vestland fylkeskommune starta i 2018 detaljreguleringsarbeid for Fv. 614 Svelgen-Indrehus. Planarbeidet har teke tid og detaljreguleringsplan vart vedteken 25.04.2024. På grunn av krav i nye vegnormalar og andre vegtekniske omsyn avvik vegtraseen som vert detaljregulert mykje frå kommunedelplanen frå 2014. Det er difor ikkje hensiktsmessig å vidareføre kommunedelplanen, men heller erstatte denne med bandleggingsområde for den nye vegtraseen.

I februar 2017 vart rapporten «Utgreiing kystvegen» publisert. Rapporten vart utarbeidd av Statens vegvesen etter bestilling av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Den omfatta ei utgreiing av trasé for ein samanhengande kystveg gjennom fylket, som då òg omfatta val av lokalisering av veg i Bremanger kommune. Dette er den første samla utgreiinga som var blitt gjort for kystvegen, og denne vart lagt til grunn i Regional transportplan 2018-2027.

I Regional transportplan står det at det har vore eit overordna mål at ein skal få ein samanhengande hovudveg langs kysten mellom Bergen og Ålesund. Fylkestinget har lagt Statens vegvesen si tilråding i rapporten «Utgreiing kystvegen» til grunn for trasévalet for kystvegen. Vidare står det for Bremanger følgjande:

- *Kystvegen går vidare langs rv. 5 vest for Storebru til Grov og derifrå til Haukå. Frå Haukå går traseen i tunnel til Myklebustdalen. Frå Indrehus går traséen i tunnel til Svelgen og vidare til Særdalen med oppgradering av vegen og to nye tunnelar.*
- *Siste del av kystvegen følgjer dagens veg til Rugsundøya, der den tek av mot Tongane og med mål om bru over Nordfjorden til Biskjelneset. Deretter koplars traséen seg på rv. 15 og følgjer den til Bryggja og vidare med utbetring av fv. 61 til Naveosen.*
- *Ferjesambandet Stårheim - Isane blir oppretthalde.*

Det blir i rapporten vist illustrasjon av tilrådd traséval, utarbeidd av Statens vegvesen. Kartutsnitt med tilrådd traséval er vist på figuren og er nytta i arbeidet med arealdelen til Bremanger kommune.

*Utsnitt av kart til høgre: Statens vegvesen si tilråding for kystvegen frå Måløy mot Florø. Kartutsnitt med grunnlag i figur i Regional transportplan 2018-2027*



Ei eventuell brukryssing vil ligge i innløpet til Nordfjorden og vil då råke all skipstrafikk, inkl. cruiseskipa, inn Nordfjorden. Kystverket syner til Farledsnormalen når det gjeld krav til

dimensjonering, seglingshøgde og seglingsbredde for brua. Dagens farlednormal legg til grunn ei seglingshøgde (vertikal klaring HAT) på 75 meter for dei største cruiseskipa. (jf. Kystverket si fråsegn, 17.10.2020).

Kommunen har fått oversendt dei digitale vegline frå rapporten til Statens Vegvesen, og desse er lagt inn i plankartet som juridisk line (regulert samferdsel). På strekninga Myklebust-Svelgen er planområdet for detaljreguleringsplanen lagt inn som bandlagt i påvente av regulering. På strekninga Hamnen-kommunegrensa mot Kinn er det lagt ei omsynssone med 100 m breidde rundt den juridiske linja for vegtrasèen for å hindre nye arealbrukskonflikter. Det er planlagt oppstart av kommunedelplan/reguleringsplan for fjordkryssing ytre Nordfjord, jf. planstrategien for Bremanger kommune 2022-2024.

## 4.6 Utgreiingar i planarbeidet

Utgreiingar som har blitt gjort i samband med utarbeiding av arealdelen går fram av vedlagt konsekvensutgreiing (KU) med risiko- og sårbarheitsvurdering (ROS).

Det er ikkje gjort nye utgreiingar i høve naturmangfald, naturfarar eller liknande i planprosessen, og eksisterande kunnskap er vurdert som tilstrekkeleg for overordna plannivå. Det er utarbeidd ein fagrapport for kjerneområde landbruk. Denne rapporten har ikkje vore på særskild høyring, men er lagt fram som ein del av plandokumenta til arealdelen.

Det er i alt blitt KU-vurdert 84 innspel opp mot tema som vart fastsett i planprogrammet. Det er i tillegg gjort vurdering opp mot overordna arealføringar for Bremanger kommune (frå samfunnsdelen) og strandsone. Oversikt over tema går fram av vedlagt KU-rapport.

Innanfor temaet samfunnstryggleik og ROS er naturrisiko og klimaframskrivingar blitt vektlagt. I tillegg har ein vurdert ønska tiltak opp mot digital tilgjenge, der mellom anna dekning for fiber, DAB-radio og mobil har blitt kommentert.

Viser til vedlagt KU-rapport for utfyllande informasjon om utgreiingar.

# 5 Hovudtema i planen

## 5.1 Bustadtomter

Samfunnsdelen fastset hovudmål for bustader og bustadområde:

**Bremanger kommune har ein framtidretta og utviklande bustadpolitikk som legg til rette for auka etablering og folketalsutvikling, fremjar integrering og gode bumiljø.**

I samfunnsdelen (2021) blir det understreka at eit sentralt grep for å gjere ein stad attraktiv for tilflytting er å stimulere til bustadbygging, skape sosiale møteplassar og sentra, ta vare på innvandrarar og tilflyttarar, samt leggje til rette for betre kommunikasjon for pendlarar.

Folketalet i kommunen var om lag 3550 i 2021. I samfunnsdelen er det eit hovudmål å leggje til rette for auka etablering og positiv folketalsutvikling, utan at det er fastsett konkrete måltal. Eit viktig grep på dette plannivået for å kunne nå målet om auke i folketal, er å sikre at det rom for vekst i kommunen dei neste 10 åra.

For å skape ei attraktiv bustadkommune i distriktet er det vurdert som viktig å legge til rette for varierte bustadmoglegheiter. For å ivareta nasjonale målsetjingar, skal hovudvekta av bustader leggjast nær viktige tenester som skule og barnehage for å minimere bruk av bil. Men det er òg viktig for ei kystkommune som Bremanger å opne for at ein kan få etablere seg i grendene. Mange som vel å flytte til Bremanger har eit ønske om å få bu spreidd og søker gjerne ikkje etter større, urbane bustadmiljø.

Det er i dag 40 byggjeklare tomter/ledige bustader i Bremanger.

#### Arealstrategi for bustader og bustadområde

- Ha fokus på fortetting i tettstadane for å redusere transportavstandar og auke høvet til gang- og sykkeltransport mellom bustad og private og offentlege tenester.
- Leggje til rette for ulike bustadtypar i tettstadane og i tettbygde område for å fremje integrering og redusere sosial ulikskap.
- Nye bustadfelt skal leggjast i tilknytning til tettstadar og etablert infrastruktur.
- I tettbygde område/regulerte bustadområde skal det ikkje tillatast bruksendring frå bustad- til fritidsbustadføremål, for å oppretthalde ein tett busetnad, utnytte eksisterande infrastruktur og redusere transportavstandar.
- Eksisterande og framtidige byggeområde for bustader skal ha tilfredsstillande mobil- og breibanddekning.
- Innanfor tettbygde område og tomter som ligg i gang-/sykkelavstand til private og offentlege tenester skal det opnast for bruksendring frå fritids- til bustadføremål.
- Tomtar for spreidd bustadbygging skal vere tilgjengeleg i alle bygdene, for å sikre eit variert tomtetilbod og gje høve til tilbakeflytting til dei som ynskjer det. Tomtar bør leggjast i område med eksisterande avkørsle frå fylkesveg og etablert infrastruktur.
- Det skal leggjast til rette for attraktive tomter i sjønære område. Byggjegrænse mot sjø skal fastsetjast etter nærare vurdering av omsynet til naturmiljø, landskap og friluftsliv.
- Det skal leggjast til rette for gode grøntareal i sentrum og andre bustadområde, for å skape attraktive, uformelle møteplassar.

#### Tilrettelegging for bustader i arealdelen

I dei største tettstadane i kommunen, Svelgen og Kalvåg er det lite tilgjengeleg areal for ny utbygging knytt til etablert sentrumsområde. I Svelgen er utbyggingsmoglegheitene for bustader i hovudsak knytt til Langeneset bustadfelt, der det er regulert 37 bustadtomtar. Byggjefeltet er kostbart å tilrettelegge, og tomtane er difor ikkje opparbeidde ennå. Detaljreguleringsplanen for Langeneset er vidareført utan endringar. Det er elles berre mindre nye byggeområde i Svelgen sentrum i arealdelen (Kvelve (B64) og Naustneset (B72)). Utviding av etablert sentrumsområde i Svelgen er avgrensa av Eikelandstunnelen i sørvest og bratt/skredfarleg terreng i nordvest og i aust. Fortetting i sentrumsområde og tilrettelegging for ulike bustadtypar er eit sentralt mål for detaljregulering av tettstadane, men er vanskeleg å få fram på i overordna plan. Ny detaljregulering av Svelgen sentrum er planlagt i 2024, jf. vedteken planstrategi for Bremanger kommune. I Kalvåg er regulert bustadfelt ved Steinset frå 2014, med 43 bustadtomtar, i hovudsak vidareført i arealdelen. Reguleringsplanen for Kalvåg sentrum er frå 2000, og det er planlagt ny detaljregulering i 2023, jf. planstrategien. Høva til fortetting i etablert sentrumsområde vil bli vurdert gjennom detaljreguleringa. Det er i arealdelen opna for fortetting med bustadar vidare utover Frøyalandet (inntil 5 bustadar), i område som har spreidd busetnad i dag.

Arealdelen legg spesielt til rette for fortetting ved etablert sentrum ved Hauge, og for spreidd bygging i Ålfoten og Berle som i dag bere preg av eit spreidd utbyggingsmønster langs vegnettet. Arealdelen, med nye område for bustadar, og vidareføring av område frå KPA2004 og gjeldande reguleringsplanar opnar for eit høgre tal bustadtomtar enn forventta behov. Dette er for å ha god

tilgang på attraktive bustadtomtar og leggje til rette for auka busetnad den kommande planperioden. Potensiell industrietablering på Holmaneset vil kunne gje mellom 40 og 70 nye arbeidsplassar, og det er viktig at det er gode bustadtomtar tilgjengeleg både i Svelgen og i dei nærliggande grendene.

Tabellen på neste side viser tal nye einingar som er opna for gjennom KU for enkeltområder og område som er vidareført frå tidlegare arealdel eller kommunedelplan for Bremangerbygda.

Område	Tal bueiningar – reint bustadformål	Tal bueiningar – totalsum for kombinert bustader og fritidsbustader
Svelgen	75	2
Ålfoten	10	0
Kalvåg	48	2
Bremangerlandet	16	14
Berle	7	3
Rugsund/Leirgulen	0	0
Davik	0	3
<b>Samla sum einingar</b>	<b>156 bueiningar</b>	<b>24 nye einingar</b>

Fleire av dei innkomne innspela knytt til ønske om fritidsbustader er følgt opp i arealdelen, men det er i tillegg lagt til rette for kombinert bruk for å sikre moglegheita for at det kan kome tilflyttarar som blir fastbuande i kommunen. Betre infrastruktur (breiband) og auka bruk av heimekontor har vist seg å gje auka bruk av fritidsbustader, og for nokon kan det vere aktuelt å busetje seg i fritidsbustaden. Spreidd utbygging i LNF-formål er i hovudsak blitt knytt til eksisterande utbygde miljø.

Planen opnar for utbygging av inntil 162 bueiningar, både i bustadområde og spreidde bustader. I kombinerte område for spreidde bustader og fritidsbustader er det opna for totalt 32 einingar. Samla sett bør dette vere tilstrekkeleg for at kommunen kan klare målsettinga i planprogrammet om 100 nye bustader innan 2030.

Dei foreslåtte områda for LNF med spreidde bustader er i hovudsak i samsvar med vedteken arealstrategi. Summen av nye område for spreidd busetnad vil, saman med eksisterande bustadområde som ikkje er utbygt, gje høve til attraktive tomtar i dei fleste grendene i kommunen. Areal avsett til spreidde bustader/fritidsbustader er vesentleg redusert frå arealdelen frå 2004. Det er vanskeleg å forutseie kvar det vil vere interesse for bustadtomtar, og kommunen må rekne med å måtte handsame dispensasjonar frå planen for nye bustadtomtar i dei ulike grendene.

## 5.2 Fritidsbustader

Registrert tal hytter/fritidsbustader i kommunen pr 2021 er 455. Det er i dag fleire heilårsbustader i kommunen som i realiteten blir nytta til fritidsbustader, og kommunen har dermed ikkje oversikt over det faktiske talet på fritidsbustader. Det er fleire hyttefelt i kommunen, deriblant på Gildreneset, Liset og Davik. Desse er delvis eller ferdig utbygd. Det er også hyttefelt på Igland og i Struen, der det er ledige tomtar.

Å opne for fritidsbustader utanfor regulerte hyttefelt kan skape utfordringar. I Bremanger er dei fleste innsendte innspel/ønskje knytt til fritidsbustader med til nærleik til sjø, og det kan vere konfliktfylt å opne for bygging av fritidsbustader i strandsona, både som hytter og i kombinasjon med naustfunksjon. I merknaden frå Fylkeskommunen ved oppstart av planarbeidet vart det vist til retningslinjene for kommunar med mindre byggjepress i strandsona. Fylkeskommunen viser til at private hytter ikkje er nemnt som eit type byggeformål det kan opnast for i kap. 7.2 i SPR for differensiert forvaltning av strandsona (tidlegare gjeldande retningsliner). I den grad det likevel blir opna for hyttebygging ved sjøen, skal det vere eit generelt prinsipp for å vurdere konfliktgraden av bygging at dess nærare strandkanten ein byggjer og/eller dess større grad av urørt naturpreg, dess større vil konfliktane vere (jf. merknad frå fylkeskommunen, datert 22.05.2018, saksnr. 18-3690-2).

I dei nye statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (fastsett ved kgl.res. 28.05.2021) står det for område med mindre press på areala i pkt 10.2 at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling som eit utgangspunkt bør prioriterast framfor areal til fritidsbustader.

Tilgang til fritidsbustader/hytter er viktig for å gjere kommunen attraktiv som besøkskommune, og besøkjande er med å legge grunnlag for tenester og opplevingar som også er positivt for innbyggjarane i kommunen. Kommunen ynskjer difor å leggje til rette for fritidsbustadtomtar i alle deler av kommunen.

#### Vedteken arealstrategi for fritidsbustader

Hovudvekta av framtidige fritidsbustader skal leggjast i hyttefelt og i tilknytning til etablert infrastruktur. I område for spreidd bygging skal det opnast for både bustad- og fritidsbustadbygging.

I tettstadane skal det kunne opnast for kombinerte føremål næring/fritidsbustad innanfor definerte område.

#### Tilrettelegging for fritidsbustader i arealdelen

Kommunen har i arealdelen lagt vekt på at nye fritidsbustader i hovudsak skal ligge i tilknytning til eksisterande tiltak, og for nye byggeområde er det sett særleg fokus på konsekvens for naturmangfald og strandsone.

Det er opna for utviding av eksisterande hyttefelt ved Liset, samt eit nytt hyttefelt ved Steinset som skal vere i tilknytning til regulert bustadfelt (ikkje bygd ut i dag). Elles er det opna for mindre frittliggande utbyggingstiltak i ulike grender gjennom bruk av formåla LNF spreidd fritidsbustad (SOSI-kode 5220). Det er fleire stader òg lagt til rette for kombinert arealbruk – med opning for etablering av både fritids- og heilårsbustader, LNF spreidd bustad, fritid eller næring (SOSI-kode 5200), jf. tabell i kap. 5.1.1.

### 5-3 Næring

I Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 blir det vist til analyser som peikar på tre viktige faktorar for å skape tilflytting: arbeidsplassvekst, arbeidsmarknadsintegrasjon og bustadbygging. Dette er funn gjort av Telemarksforsking som vidare viser til at kystkommunar bør satse på næringsutvikling knytt til sjøen, og betre infrastrukturen langs kysten for å skape ein betre og fungerande felles arbeidsmarknad på tvers av kommunegrensar, samt legge til rette for attraktive bustadområde. Desse tre faktorane blir vektlagt som viktige for kystkommunar – slik som Bremanger.

I Bremanger er primærnæring knytt til både jordbruk og fiske. Det var ved første innspelsrunde i samband med oppstart av planprosessen fleire innspel knytt til ønska næringsaktivitet utover desse primærnæringane, men òg knytt til endring av landbruksformål til utbygging. I dei neste delkapitla vil vi presentere kva vurderingar og føringar som blir lagt til grunn ved utarbeiding av arealdelen for ulike næringskategoriar.

## Landbruk og skogbruk

Av Bremanger kommune sitt store landareal er det kun om lag 2 % som er jordbruksareal (fulldyrka-/overflatedyrka jord og innmarksbeite). Ein god del av det dyrka arealet er brattlendt, og deler av det er ueigna for maskinell hausting med moderne utstyr. Det er pr 2020 75 føretak i kommunen som har husdyrproduksjon, og det er om lag 9000 daa jordbruksareal i drift i kommunen. Av dette blir om lag halvparten brukt til grovforproduksjon og halvparten til innmarksbeite. Det er eit mål for kommunen at landbruksareala skal vere i drift. Kommunen vil difor ha fokus på oppfølging av driveplikta, spesielt for areal med høg landbruksmessig verdi og i område der det er aktive driftsmiljø. Kommunen vil også nytte buplikt som verkemiddel for å sikre busetting på landbrukseigedommar, spesielt for bruk som ligg i nær avstand til sentrumsfunksjonar, skule og barnehage og for bruk som har betydelege landbruksressursar.

Det blir i Strategisk næringsplan (2015-2020) trekt fram at kommunen gjennom ein aktiv busettingspolitikk kan bidra til å både oppretthalde busetnaden og kulturlandskapet i kommunen. Eit verkemiddel er å opne for bustadtomter utanfor bustadfelt, slik at familiar med ønske om busetting i nærleik til natur og sjø får moglegheit til dette (jf. Strategisk næringsplan 2015-2020).

For mange som vel å flytte til kysten, er det viktig å kunne bu spreidd. For grender i kommunen er det difor viktig at arealdelen opnar for at ein kan fortette gjennom å legge til rette for etablering av frittliggande bustader i tilknytning til eksisterande bustadmiljø. Med dette følgjer ein opp råd i næringsplanen knytt til busetnad. Ein må vidare òg sjå til nasjonale føringar som har som mål at planlegging skal bidra til mindre behov for bruk av bil og minske tap av landbruksareal. Det skal med bakgrunn i dette og konsekvensutgreiing av enkelttiltak bli sett klare rammer i føresegnene for tal av tomter og utnytting ved fortetting i landbruksområde. Tiltak skal vidare bli vurdert opp mot kommunen sine definerte kjerneområde for landbruk.

Kommunen har ikkje eigen arealstrategi for landbruk og skogbruk, men jordvern inngår i arealstrategien for naturressursar. Det er utarbeidd vurdering/temakart for kjerneområde for landbruk som er nytta som grunnlag i planarbeidet.

Ved avgrensing av kjerneområda for landbruk er det teke utgangspunkt i Landbruks- og matdepartementet og KS sin rettleiar frå 2005 «Kjerneområde landbruk – Veileder for registrering og prioritering av viktige områder for jordbruk og kulturlandskap». Det er laga ein kort rapport/utgreiing til temakartet.

### Hovudendringar for landbruk og skogbruk i arealdelen:

Det er i arealdelen ikkje opna for større utbygging i registrerte kjerneområde for landbruk, og det har vore eit mål å verne om ressursgrunnlaget til denne næringa så langt som råd. Nye byggeområde i arealdelen er vurdert til å gje eit samla tap på om lag 290 daa landbruksareal inkl. innmarksbeite (ca 190 daa dyrka jord). I tillegg er det opna for spreidd bygging av bustader og fritidsbustader på om lag 270 daa landbruksareal. Sjølv om det er avsett store areal til spreidde bustader og fritidsbustader er tal einingar det er opna for redusert, og arealbeslaget vert såleis vesentleg mindre. For areal avsett til LNF spreidd bustad, fritid eller næring er jordlova framleis er gjeldande, og tiltak skal lokaliserast slik at tap av dyrka jord og eventuelle ulemper for landbruksdrifta vert minst mulig. Ein del område som var opna for spreidd utbygging (bustadar/fritidsbustadar) i arealdelen frå 2004 (KPA2004) er teke ut i nytt planframlegg. Det er også

gjort vesentlege reduksjonar av areal avsett til spreidd bygging etter 3.gongs offentleg høyring av dette planframlegget (om lag 110 daa landbruksareal). Omdisponering av landbruksareal er vurdert til å ikkje vere av eit slikt omfang at enkelte grunneigarar mistar moglegheita til å halde fram med drifta.

Arealrekneskap viser at om lag 2100 daa av utbyggingsarealet er skog med ulik bonitet. Dette er i hovudsak skog med låg bonitet, og det er ikkje kjennskap til at skogbruk vil vere særleg råka av nye utbyggingsformål. For ei meir utfyllande vurdering av arealdelen sin verknad på landbruk viser vi kapittel 4 (samla verknad) i vedlagt KU-rapport.

## Industri og kontorarbeidsplassar

Bremanger er ein av få industrikommunar i Sogn og Fjordane, og industrien er den nest største arbeidsstaden i kommunen. I 2011 hadde heile 356 innbyggjarar arbeidsgjevar innanfor industri, der Elkem Bremanger i Svelgen er den viktigaste aktøren. Det er eit mål å oppretthalde eksisterande industriaktivitet, samt at ein i arealdelen leggje til rette for vidare næringsutvikling ved å sette av areal til framtidige etableringar i kommunen.



*Elkem Bremanger, tidlegare Elkem AS Bremanger Smelteverk, har sidan 1928 vore ei hjørnesteinsverksemd i Svelgen (foto Nordplan v/ S. Gausemel, 04.03.2019).*

### Vedteken arealstrategi for industri og kontorarbeidsplassar

Kommunen skal i størst mulig grad leggje til rette for at etablerte industriaktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøsyn som ureining og fjernverknad, samt nærleik til etablerte bustadområde, vere viktige tema for konsekvensutgreiing (KU).

Det skal vurderast behov for areal til etablering av næringsklynger/næringsparkar i tettstadar og grender. Ved lokalisering av ny næringsverksemd skal avstand til bustadområde og behovet for gang- og sykkelveggar vurderast.

Det skal vurderast aktuelle areal for landbasert akvakultur.

### Hovudendingar for industri i arealdelen

Det er i arealdelen opna for totalt om lag 1000 daa nytt næringsareal. Størst del framtidig areal er i Svelgen (Breivika og Holmaneset), og i tilknytning til kraftstasjonar i Ålfoten. Etablerte industriaktørar som har kome med innspel om ønske om utvida næringsareal har i stor grad blitt følgd opp i arealdelen. Det er i tillegg imøtekome ønske om framtidige næringsareal ved mellom

anna Kvernavika i Smørhamn og ved Nygård ved Skatestraumen og utvida næringsareal på Holmaneset.

Det har ikkje kome direkte innspel om ønske om landbasert akvakultur, men nytt næringsareal i Breivika har moglegheit for slik aktivitet. I tillegg er nytt næringsareal ved Kvernavika i Smørhamn aktuelt for landbasert akvakultur.

## Råstoffutvinning

Det er på nasjonalt nivå klare forventningar til både regional og kommunal planlegging om at ein skal sikre gode mineralreservar for mogleg utvinning og vege dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Direktoratet for mineralforvaltning trekk fram i sin merknad til arealdelen at Bremanger har fleire viktige mineralførekomstar, til dømes pukkførekomstar av nasjonal og internasjonal betydning. Sæترفjellet steinbrudd (Bremanger Quarry) blir trekt fram som døme på at utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping.

Bremanger kommune har ikkje utarbeidd ein eigen strategi for forvaltning av mineralressursar og det føreligg ikkje på dette tidspunkt oversikt over førekomstar i kommunen utover det som kjem fram av geologigrunnlag i opne databasar. For å minske risikoen for at framtidig utbygging skal kome i konflikt med mineralreservar, er temaet «mineralressursar» del av konsekvensutgreiinga.

Med unntak av steinuttak på Aksla (i tilknytning til Sæترفjellet), der reguleringsarbeid pågår, ønskjer ikkje kommunen ikkje å legge til rette for større uttaksområde, utover dei eksisterande uttaka som har konsesjon etter minerallova.

I større utbyggingsprosjekt som gjev masseoverskot skal det vurderast om steinmassar kan nyttast til produksjon av pukkg/grus eller annan gjenvinning.

### Vedteken arealstrategi for naturressursar (land)

Arealdelen til kommuneplanen skal ikkje opne for nye store område for råstoffutvinning.

Det skal tilretteleggjast for mindre masseuttak i tilknytning til tettstadane, for å redusere transportavstand og utslepp ved transport av massar. For mindre uttaksområde for lokale entreprenørar/lokal bruk skal nær- og fjernverknader for t.d bustader og friluftsliv, samt vegnett, miljøomsyn som naturmangfald, støy og transportbehov vektleggast.

Arealdelen skal ikkje opne for nye område eller utviding av eksisterande område for vindkraft.

Det skal takast omsyn til jordvern ved plassering av nye byggjeområde for bustad og næring.

### Hovudendringar for råstoffutvinning i arealdelen

Det er ikkje gjort større endringar for råstoffutvinning i arealdelen. Det er lagt til rette for utviding av drifta ved Bremanger Quarry ved at det er opna for steinbrot ved Aksla, i samsvar med pågåande detaljreguleringsprosess. Areal for nytt steinbrot ved Aksla er lagt inn som bandleggingssone i påvente av reguleringsplan.

Det blir sett krav i føresegnene om at byggje- og anleggstiltak skal planleggjast med sikte på å oppnå intern massebalanse, og at det bør vurderast plangrep som reduserer masseoverskot. For reguleringsplanar som genererer større mengder overskotsmassar (meir enn 10 000 m<sup>3</sup>) skal det setjast krav om massedisponeringsplan i samsvar med avfallspyramiden sine prinsipp om å prioritere reduksjon, gjenbruk og materialgjenvinning.

## Havbruk og fiskeri

I Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 blir det trekt fram at det er viktig for kystkommunar å satse på næringsutvikling knytt til sjøen. Bremanger har fleire område som er viktige for kystfisket i vår region. Fiskeridirektoratet opplyser om at det i hovudsak går føre seg fiske med kystnot etter artar som makrell, sild og sei, men det blir òg utført fiske med tradisjonelle reiskap som garn, line, ruse og teine.

Det var i 2018 60 personar som hadde fiske som hovudyrke i Bremanger og 16 personar hadde fiske som bi-yrke. Det er i alt 39 fiskefartøy som er heimhøyrande i kommunen, og her er eitt fiskemottak Bremanger, lokalisert i Kalvåg (jf. merknad frå Fiskeridirektoratet, 24.05.2018, 18/5573).

I tillegg til næring, er fiskeri ein viktig aktivitet knytt til fritid og turisme. Bremanger har fleire verksemder som baserer seg på utleige for tilreisande som ønskjer å fiske. Dette er særleg utbreidd på sommarhalvåret.

Ei anna viktig næring er akvakultur. Det er i dag 9 lokalitetar som produserer matfisk og 4 lokalitetar som produserer settefisk i kommunen (jf. merknad frå Fiskeridirektoratet, 24.05.2018, 18/5573). Etter dette er det etablert ytterlegare to matfisk-lokalitetar i kommunen, og ein lokalitet er konsesjonsgjeven og under etablering.

Akvakulturnæringa har dei siste 10 åra vore gjennom større endringar mellom anna ved bruk av ny teknologi. Fiskeridirektoratet har med bakgrunn i dette orientert om at dei kompakte stålanlegga som har blitt nytta tidlegare blir no skifta ut med anlegg beståande av plastringar. Dei nye anlegga er meir plasskrevjande og det er gjennom planarbeidet forsøkt å ta høgde for at eksisterande akvakulturanlegg vil treng større område i arealdelen.

### Vedteken arealstrategi for havbruk og fiskeri

Viktige gytefelt og område for kystfiske skal ivaretakast og vektleggast i arealdelen. For nye område for akvakultur kan det stillast krav om detaljregulering.

Arealdelen skal ikkje opne for område for utbygging av havvind.

Anna aktivitet knytt til fornybar energi, som t.d bølgekraft skal vurderast opp mot KU-tema der verknad for naturmangfald og strandsone er særleg viktig.

### Hovudendringar for havbruk og fiskeri i arealdelen

I arealdelen frå 2004 låg det inne 24 område for framtidig akvakultur, ein del med svært stor utstrekning, i tillegg til 17 eksisterande område for akvakultur. Talet akvakulturområde er vesentleg redusert i ny arealdel, men auka arealbehov på grunn av ny anleggstruktur gjer at fleire av områda har fått utvida utstrekning utover i sjøen. Det er i 1.høyringsrunde komme innspel om å vidareføre fleire av akvakulturområda frå KPA2004, som var teken ut av planframlegget til 1.gongs høyring. Nokre av desse områda, t.d Fåkeila, er ikkje vidareført på grunn av konflikter med andre interesser som fiske, farlei eller naturmangfald.

Frå næringa er det spesielt ynskje om å utvida areal for å sikre ankerplass i sjø. Sidan mange av sjøområda er djupe vil dette utgjere svært store areal. Fortøyingar djupare enn 25 m er vurdert å ikkje påverke den allmenne bruken av sjøområda, og for å unngå at akvakulturområda legg beslag på unødig store areal vert det opna for at fortøyingar under 25 m djupne kan gå ut i område «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V), der det ikkje er konflikt med naturverdiar eller fiske.

Kommunen har gått vekk frå stille krav om detaljregulering for nye område for akvakultur og større utvidingar av eksisterande anlegg. Dette vart avklart med fylkeskommunen under møte i planforum

29.05.2019, der det vart vist til rundskriv H6/18 «Retningslinjer for planlegging i sjø» - der detaljregulering ikkje er eit krav til slike tiltak.

Det vart til 3.gongs offentleg høyring sletta to eksisterande lokalitetar, Grunneset og Marøy, for å etablere ei «branngate» mellom anlegg i Nordfjorden og Frøysjøen for å hindre spreiding av lakselus og smitte. På grunnlag av dette er det behov for utviding av eksisterande lokalitetar, spesielt Løypingneset og Endal Vest. På grunn av motsegn frå Kystverket til planlagt utviding av akvakulturområdet Endal Vest vil det ikkje vere råd å flytte biomasse frå Marøy og Grunneset til andre lokalitetar. Lokaliteten ved Grunneset er difor teken inn att etter 3.gongs offentleg høyring. Det er elles lagt inn utvida/endra areal til akvakultur ved 8 eksisterande lokalitetar. Areala er utvida ut i sjø, men utstrekninga langs land er vesentleg redusert, i høve tidlegare plan, for fleire av områda. Ved ein lokalitet (Gulestøa) vart det ikkje lagt inn ynskt utvidingsareal etter konsekvensvurdering av innspela. Det er vidareført eitt område frå KPA2004 der det ikkje er konsesjonsgjeven lokalitet pr i dag, Busta ved Elde. Føremålet er avgrensa etter dialog med Kystverket.

Nasjonalt og regionalt viktige gytefelt og viktige område for næringsfiske er vist med føremål fiske i plankartet.

Kommunen meiner med dette at arealdelen sikrar nok areal til fiskeri og havbruksnæringa, vurdert i samanheng med anna ønska arealbruk i sjø.

## Fornybar energi

Det blir trekt fram i Strategisk næringsplan (2015-2020) at etablert kompetansmiljø innan kraftproduksjon lokalt kan vere grunnlag for å drive fram nye prosjekt og satsingar i Bremanger. Produksjon av fornybar energi kan skje innan t.d. vass-, vind- og bølgekraft.

Klima og energiplanen (2009-2013) påpeikar at det har vore ein lang tradisjon for kraftutbygging i Bremanger og at kommunen i utgangspunktet har vore positiv til slik utbygging. Det må, ifølgje temaplanen, vere mogleg å opne for nye verksemdar som vil kunne produsere energi, og kommunen sitt potensiale for vindkraft blir trekt fram. Det har sidan klima- og energiplanen vart vedteken (2009) vore utbygging av to vindmølleparkar i kommunen, Hennøy og Guleslettene, og ein tredje vindmøllepark er konsesjonsgjeven, men ikkje utbygt (Bremangerlandet). Sidan byggjefristen for Bremangerlandet vindpark er ute, og det er politisk motstand mot etableringa, er ikkje byggjeområde for Bremangerlandet vindpark (tidlegare BAB38) vidareført til 3.gongs offentleg høyring.

Formannskapet i Bremanger har fatta vedtak om at Bremanger kommune ikkje ønskjer at nye område skal bli opna for vindkraftutbygging (møte 04.10.2018, saksnr. FSK-091/18). Ut frå dette er det ikkje lagt inn areal til ytterlegare etablering av vindkraft i kommunen. Det har heller ikkje kome innspel frå næringslivet eller andre aktuelle aktørar om behov for nye areal til etablering av verken vindkraft eller anna fornybar energi, med unntak av arealet for Bremangerlandet vindpark. Etter 3.gongs offentleg høyring er det komme innspel om eit større område for vindkraft på Myklebustfjellet. I arealdelen av kommuneplanen frå 2004 var det illustrert mulig vindkraft i dette området. Sidan innspelet kom så seint er det ikkje konsekvensutgreidd og vurdert i planen. Dersom dette blir aktuelt kan det vere behov for å gjere ein mindre revisjon av arealdelen, avgrensa til føremål knytt til energiproduksjon.

Aktivitet knytt til fornybar energi omfattar òg vasskraftverk. Kommunen har i dag store vasskraftressursar som blir nytta av Svelgen Kraft AS og Sogn og Fjordane energi (SFE), i tillegg til fleire mindre kraftprodusentar til produksjon av elektrisitet. Linja AS (tidlegare SFE Nett AS) har områdekonsesjon for i Bremanger kommune, og eig og driv kraftnettet i kommunen.

Svelgen har, ifølgje Klima og energiplanen, store mengder unyttta spillvarme frå smelteverket, der noko av denne blir levert til eit mindre fjernvarmeanlegg.

#### Vedteken arealstrategi for fornybar energi

Arealdelen skal ikkje opne for nye område eller utviding av eksisterande område for vindkraft, jf. politisk vedtak FSK-091/18. Anna aktivitet knytt til fornybar energi, som t.d. bølgekraft og vasskraft, skal vurderast opp mot KU-tema der verknad for naturmangfald og strandsone er særleg viktig.

#### Hovudendringar for fornybar energi i arealdelen

Eksisterande kraftverk har blitt vidareført i planen, med nokre mindre rettingar/arealjusteringar frå arealdelen frå 2004 (jf. vedlagt tabell over endringar i arealdelen utan KU). Det er ikkje opna for nye kraftverk i arealdelen, men kraftverk som er utbygt eller konsesjonsgjevne etter 2004 er lagt inn i planen, m.a Sigdestad kraftverk (gbnr. 116/48), og Setredalen kraftverk (gbnr. 115/83/1), som vart sett i drift i 2019.

Vedteken arealstrategi er følgt opp ved at planen ikkje opnar for nye areal for vindkraft. Eksisterande areal, der det er gjeve konsesjon, er vidareført og vist med føremål i plankartet. Dette gjeld Guleslettene og Hennøy. Bremangerlandet vindpark er ikkje vist som byggeområde i plankartet, sidan byggefristen i konsesjonen er ute.

Det er ikkje lagt særskilt til rette for fjernvarme i arealdelen. Dette må vurderast ved framtidige detaljreguleringar.

#### Turisme

Det blir i planprogrammet for kommuneplanen (2018-2030) trekt fram at det blir færre arbeidsplassar i basisnæringane, medan besøksnæringar har vekst og har blitt viktigare for sysselsettinga i kommunen.

For å bli ei attraktiv ei attraktiv besøkskommune, ønskjer kommunen gjennom arbeidet med arealdelen å legge til rette for tenester og opplevingar for eigne innbyggjarar, samt besøkande frå regionen og langvegsfrå (jf. planprogram). Viktig del av tilrettelegginga er mellom anna å legge til rette for hyttebygging og overnatting, samt vurdere innspel som er knytt til ønske om å etablere næringsaktivitet knytt til turisme.

Bremanger er ei kommune som er rik på flott landskap og mykje av turismen er knytt til naturopplevingar. Folk reiser langvegsfrå for å oppleve destinasjonar som Kalvåg, Grotlesanden, Hornelen, Vetvika og Vingenfeltet. Det er vidare eit aktivt kajakkmiljø i delar av kommunen, som er avhengig av bevaring av friluftsområde i sjø.

#### Vedteken arealstrategi for turisme

Arealdelen skal leggje til rette for at etablerte turistverksemdar skal ha naudsynt areal for å oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Det skal også leggjast til rette for nye etableringar/aktørar.

Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme skal vektleggjast ved vurdering av tiltak i 100 m-beltet langs sjø. Sjøretta reiselivsbygg, som t.d. rorbuer for utleige, bør samlast og lokaliserast i tilknytning til anna utbygging, i område som er regulert til føremålet eller der det ikkje er i konflikt med allmenne interesser (avklarast gjennom KU).

Etter dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (28.05.2021) for område med mindre press på areala (sone 3) kan det vere grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som t.d naust, bryggjer, næringstiltak og sjøretta reiselivssanlegg. Slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknytning til annan bygnad.

#### Hovudendringar for turisme i arealdelen

Det er ikkje opna for større arealbruksendringar knytt til turisme, men innkomne innspel knytt til ønska tilrettelegging er i stor grad følgt opp. Totalt er det sett av om lag 80 daa til fritids- og turistføremål, der om lag 60 daa er nytt areal. Det er mellom anna opna for turisme ved Gloføk ved Skatestraumen, der det i dag allereie er etablert rasteplass og badeplass. I tillegg er det i arealdelen lagt til rette for mindre turismetiltak i på Sagebø, i Ålfoten (Førde og Øyretangen), Vindspollen og i Berle.

Av andre tiltak som òg vil ha positiv verknad for besøkande, er nye parkeringsareal ved Svarstad i tilknytning tursti til Vetvika og i Hamnen ved tursti til Tongane.

## 5.4 Sjøbuer og sjøhusmiljø

Sjøhusmiljø er ein viktig del av identiteten til kystkommunen Bremanger, spesielt i ytre deler av kommunen. Mange av bygga som vart oppført langs kysten vår i periodar med gode forhold for fiske er ikkje lenger i bruk til dette føremålet. Desse har ofte ein storleik som gjer at dei er krevjande å vedlikehalde når dei ikkje lenger har ein nyttefunksjon. Konsekvensen av dette er at bygga forfell, og at sjøbuene etter kvart vert borte.

I Kalvåg har ein lukkast med å ivareta sjøhusmiljøa og mange av dei store sjøbuene, på grunn av at ein har fått opna for turisme, bustad- og fritidsbustadføremål. Kommunen ser at det er ein føresetnad for å få teke vare på desse bygga at bruken kan endrast. Samtidig er det viktig at det blir lagt klare avgrensingar på bygningsmessige endringar, slik at ikkje karakteren til sjøhusmiljøa vert endra.

For Kalvåg vart det i 1998 utarbeidd ein estetisk plan som beskriv hovudtrekka for sjøhusa, og legg føringar for vidare bruk og vern. Det er også utarbeidd ein forvaltningsplan for sjøhusmiljøet i Struen. Desse planane skisserer hovudtrekk ved sjøbuene, og korleis karakteren til desse bygga best mulig kan ivaretakast.

Dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (28.05.2021) opnar for høve å tillate bruksendring av verneverdige naust og sjøbuer til næringsføremål og allmennyttige føremål i område med mindre press på areala (sone 3).

Kommunen ynskjer å leggje til rette for bevaring og fornying av sjøhusmiljøa, spesielt i Kalvåg, på Nødset, i Struen og på Hauge og Iglandsvik. Innanfor arealkategorien fritidsbustad (BFR74) på Nødset og andre byggje- og anleggsformål (BAB) i Struen gjev planen rom for bruksendring av slike sjøhus til bustad, fritidsbustad og utleige/næring. Kalvåg, Hauge og Iglandsvik er omfatta av reguleringsplanar, og endra føringar for denne typen bygg må avklarast gjennom ny detaljregulering.

## 5-5 Friluftsliv og naturmiljø, kulturlandskap og kulturminne



*Hornelen er den høgaste sjøklippa i Europa. Her sett frå nord ved Gloføk, der Skatestraumen ligg i mellom (foto Nordplan AS v/M-B. D. Bakke 04.07.2019).*

Naturen i Bremanger byr på varierte opplevingar for dei friluftssinteresserte. Frå hav, fjord og kvite strender til flotte fjellområde som Hornelen og Ålfotbreen. Dette er natur gjev store friluftsopplevingar for både innbyggjarar og tilreisande.

Kommunen har i tillegg ei viktig primærnæring i landbruket, som har sett sitt preg på landskapet. Fleire grender ber preg av fleire generasjonar med landbruksdrift. Dette viser seg gjennom steingardar som strekker seg gjennom eit småkupert og nake landskap – særleg lengst mot vest i kommunen.

Her er òg fleire viktige kulturminne. Vingenfeltet med bergkunst frå eldre steinalder og Rugsund handelstad er godt kjende, i tillegg til fleire eldre kyrkjestader som i Davik, Ålfoten og Rugsund for å nemne nokre.

### Friluftsområde

Bremanger kommune har fleire regionalt viktige friluftsområde, jf. [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no), som Guleslettene, Oldersundet, Grotlesanden, Vetvika, Hornelen, Rugsundøy, Askevika (Ålfoten) og Ålfotbreen.

Det er i 2020/2021 utført kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunen, gjennom prosjektet «Kartlegging og verdsetting av friluftsområde». Arbeidet er utført av administrasjonen, i nært samarbeid med Keipen turlag og grendelaga/idrettslaga i kommunen. Registreringa er ikkje juridisk bindande, men skal nyttast som rettleiing for sakshandsamarar og inngår i grunnlaget for arealdelen. Det vart i 2022 sett igong arbeid med plan for friluftslivet sine ferdselsårar i kommunen. I arbeidet vil det vere spesielt fokus på å sikre tilkomsten til friluftsområda frå bustadområde og tettstadar. Det er også sett i gang eit prosjekt for kartlegging av ro- og padleruter.

### Naturmangfald

Det er 13 naturvernområde i kommunen, i tillegg til landskapsvernområda Vingen og Ålfotbreen. I tillegg vert det no vurdert landskapsvernområde eller eventuelt nasjonalpark rundt Hornelen (Statsforvaltaren i Vestland etter oppdrag frå Miljødirektoratet). Naturvernområda omfattar myrområde (Eldedalen, Storemyra i Ålfoten), skogvern (Sørdalen, Gaddeskogvatnet, Bugen), sjøfuglreservat (Skorpeholmane, Haukedalsholmane, Frøyskjera, Vengane, Tennøyane) og våtmark (Førdspollen). Eidsfjorden (Stad kommune), i indre del av Nordfjorden er nasjonal laksefjord. Det er fleire anadrome vassdrag i kommunen (jf. [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)).

Kommunen gjennomførte ei større kartlegging av biologisk mangfald i 2004 «Biologisk mangfald i Bremanger kommune», Miljøfaglig Utredning rapport 2004:02. Hovudvekta av arbeidet vart lagt på verdifulle naturtypar, men rapporten omfattar også ein del generell informasjon om naturtilhøva i kommunen og førekomst av raudlisteartar. Gjennom arbeidet vart det påvist 94 verdifulle naturområde i Bremanger, jf. utklipp under:

Tabell 1				
Verdifulle naturområde i Bremanger fordelt på naturtyper og verdi. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig og U=uprioritert.				
Naturtype	Verdi			
	A	B	C	U
<b>Myr</b>				
Intakt låglandsmyr	1			
Rikmyr	1	1		
Andre viktige forekomster	1			
<b>Rasmark, berg og kantkratt</b>				
Sørvendt berg og rasmark	1			
Nordvendt berg og rasmark	8	4	1	
Ultrabasisk og tungmetallrik mark under skoggrensa		1		
<b>Fjell</b>				
Kalkrike område i fjellet		5		
<b>Kulturlandskap</b>				
Slåtteeenger	1	2	3	1
Naturbeitemark	5	6	5	
Kystlynghei	2	2		
Store gamle tre		1	1	
<b>Ferskvatn/ våtmark</b>				
Andre viktige forekomster			4	
<b>Skog</b>				
Rik edellauskog	3	2	1	
Gammal lauskog	5	6		
Urskog/gammalskog	3			
Kystfurskog	1			
Andre viktige forekomster	1		1	
<b>Havstrand/kyst</b>				
Brakkvasspoll		2		
Brakkvassdelta		1		
Sanddyner	1			
Sandstrander	2	1		
Strandeng og strandsump			1	
Andre viktige forekomster				6
<b>Sum</b>	<b>36</b>	<b>34</b>	<b>17</b>	<b>7</b>

Tabell 1 i rapporten.

Det vart også påvist 39 raudlisteartar gjennom arbeidet. Rapporten konkluderer med at det er trong for fleire undersøkingar og kunnskap om det biologiske mangfaldet i kommunen. Det vart tilrådd å få utført meir detaljerte kartleggingar innanfor biologisk verdifulle skogsmiljø og verdifulle kulturlandskap, registrering av rikmyr, nordvendte og fuktige berg og rasmarker og kartlegging av uregulerte fossefall.

Det er ikkje gjort fleire kartleggingar av naturmangfald i kommunal regi, men i samband med større utbyggingar er det gjort undersøkingar og registreringar av naturmangfald, og i statleg regi er det gjort kartleggingar m.a av kystfurskog og av utvalde, skjøtselskrevjande naturtypar i Sogn og Fjordane og ålegrasengar i Sogn og Fjordane.

På Bremangerlandet og Frøya er det store areal av den utvalde naturtypen «Kystlynghei», jf. [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no), spesielt er lokaliteten på Frøya, Førs og Svarstad vurdert å vere svært viktige. Det er registrert fleire raudlisteartar ved desse lokalitetane. For å ivareta naturtypen er det viktig at området vert nytta til sauebeite, og at lyngbrenning er ein del av skjøtselen for å fjerne gammal lyng og betre beiteverdien. Lokalitetane bør ryddast for sitkagran og andre treslag, der det er innslag av dette.

Det er også registrert ein lokalitet av den utvalde naturtypen «Slåttemark» på Ytre Grotle. Denne er verdsett som svært viktig, men er i svak hevd, og avhengig av riktig skjøtsel for å oppretthalde verdien og naturmangfaldet.

Det er elles registrert fleire viktige og svært viktige naturtypar i kommunen, m.a sanddyne (Vetvika), ulike typar regnskog, gammal furskog, rik edellauskog, sand- og grusstrand, nordvendte kystberg og blokkmark.

I sjø er det registrert fleire svært viktige og viktige lokalitetar med ålegras og det er registrert fleire lokalitetar med blautbotnsområde i strandsona.

Det er ikkje gjort nye kartleggingar eller undersøkingar av naturmangfald i samband med arealdelen. Eksisterande kunnskap er vurdert som tilstrekkeleg for dette plannivået og det omfanget av utbygging som arealdelen opnar for.

Planen opnar for tiltak i/ved fire ålegraslokalitetar. To lokalitetar for ålegras ved Holmaneset vil kunne bli påverka av planlagde utbyggingar. Lokaliteten i Breivika vil delvis bli øydelagt som følgje

av utbygginga, medan lokaliteten ved Sagebø kan ivaretakast ved å setje krav til utforming av tiltak. Utskipingsområde for steinbrot på Aksla vil påverke ein lokalitet rik boreonemoral regnskog. Det er gjort tilpassingar i plan for å redusere inngrep og påverknad på denne. Reguleringsplanen er pr. februar 2024 godkjent av Kommunal- og distriktsdepartementet. Det er elles ikkje nye tiltak i arealdelen som vil øydeleggje eller redusere verdien av kartlagde, viktige naturtypar.

Av uønska artar er det spesielt Parkslirekne det er mange førekomstar av i kommunen. Denne har i stor grad spreidd seg langs fylkesveg og kommunale vegar. I samband med byggetiltak og masseflytting må det leggjast føringar for å unngå spreiding av uønska artar, og for å redusere utbreiinga. For å hindre spreiding av uønska artar og planteskadegjerarar er det sett krav i føresegnene om tiltak ved flytting av maskinar og massar.

Det er behov for meir kunnskap, og systemisert kunnskap, om naturmangfaldet i kommunen, og kommunen ynskjer å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald. Av kapasitetsomsyn har ein ikkje kunne prioritere dette arbeidet i denne planstrategiperioden.

## Kulturlandskap og -minne

Kulturmiljøplan for Bremanger kommune vart vedteken i desember 2021. Planen gjer greie for kva kulturminne som finns i kommunen innan ulike kategoriar og kva tiltak som må settast i verk for å informere om og ta vare på kulturminna. Det er automatisk freda kulturminne i kommunen, heilt tilbake frå eldre steinalder. Frå denne perioden er det spesielt mange funn i Skatestraumsområdet. På strekninga Botnane til Årebrot i Kinn er det vel 40 gravrøyser frå bronse- og jernalder. Frå jernalderen var det truleg busett folk i heile kommunen, noko dei mange funna datert til jernalderen vitnar om. Dei eldste registrerte og omtalte bygningane i Bremanger er dei gamle kyrkjene i Davik, Rugsund, Ålfoten og Grotle. Rugsund handelstad er verna etter kulturminnelova. Av nyare tids kulturminne i kommunen kan nemnast sjøhusmiljøa i Kalvåg, Struen og Igland, Smørhamn handelstad, krigsminne (Tongane, Ospenes, Gottraneset) og bygningar knytt til industrireisninga i Svelgen.

Kulturmiljøplanen vil vere ei viktig rettleiing for sakshandsaming innan plan- og byggjesaker, for lettare sikre at kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming. Viktige kulturmiljø som er peika på i planen er avsett som omsynssone i arealdelen. Enkeltbygg med verneverdi (Raud SEFRAK, byggjeår før 1850) og nyare bygg som har spesiell verneverdi, som t.d bygga som er teikna av Arkitekt Rustad på Villabakken i Svelgen vil vere naturleg å ta omsyn til, evt verne, gjennom detaljregulering.

### Vedteken arealstrategi for friluftsliv, naturmiljø og kulturlandskap/kulturminne

Arealdelen skal ivareta viktige naturområde, med særleg fokus på å unngå inngrep i naturområde som blir nytta til rekreasjon for lokalbefolkninga og for besøkande.

Verdiane i kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne skal ivaretakast og i størst mulig grad gjerast tilgjengeleg for allment friluftsliv.

Viktige kulturminne skal visast med omsynssone i arealdelen.

Det skal kunne opnast for bruksendring av verneverdige naust og sjøbuer til næringføremål eller allmennyttige føremål.

### Hovudendringar for friluftsliv og naturmiljø, kulturlandskap og kulturminne i arealdelen

Friluftsområde som i kartlegginga har fått kategori svært viktig er registrert med omsynssone i plankartet. Viktige friluftsområde, utanfor regulerte område, er også vist med omsynssone i plankartet. Desse erstattar omsynssone friluftsliv frå KPA frå 2004 (FRIDA-område).

Utvalde naturtypar er vist som omsynssone naturmangfald i plankartet. Ved vurdering av nye tiltak er kjende data knytt til viktige naturtypar (DN-handbok 13 og 19) og sårbare artar lagt vekt på. Naturreservata i kommunen (13 område) er vist med bandleggingssone i plankartet.

Viktige kulturmiljø (jf. kulturmiljøplanen), som ikkje er bandlagt gjennom anna vern, er vist som omsynssone kulturmiljø i plankartet. Dette gjeld m.a krigsminna på Tongane, Gottraneset og Ospeneset, fiskerihistorie på Geitholmen, steinmurar på Svoraneset og sjøhusmiljøet i Struen. Sjøhusmiljøet i Kalvåg har bevaringsføremål i reguleringsplanen, som gjeld vidare inntil ny plan vert utarbeidd. Automatisk freda kulturminne er registrert som bandlagde (omsynssone H730).

Landskapsvernområda (Vingen og Ålfotbreen) er vist med bandleggingssone i plankartet. Det er også registrert omsynssone landskap på Hornelen og på Gjølneset mellom Ålfoten og Isane.

Ved vurdering av nye utbyggingstiltak er det lagt vekt på å vise omsyn til landskapsverknader, fjern og nærverknad, i nærleiken av nemnde område.

## 5.6 Infrastruktur

Hovudvegnettet i Bremanger kommune består av fylkesvegane 614, 616, , 5706, 5710, 5712, 5711. I tillegg er det over 90 km kommunal veg.

Det har i løpet av dei siste 15 åra skjedd ei opprusting av vegnettet langs fylkesveg 616. Veganlegget Bremangersambandet, frå Kolset, via Rugsundøya til Bremangerlandet vart opna i 2002. Byggetrinn 2 av sambandet, med ny veg frå Kolset via Bortnen til Langesi, vart starta i 2009 og ferdigstilt i 2013. Siste byggetrinn korta ned vegen frå Bremangerlandet til Svelgen med 40 km og ferga mellom Kjelkenes og Smørhamn vart lagt ned som følgje av dette. Sambandet førte òg til etablering av gang- og sykkelveg ved Kolset, utbetring av to krappe kurver og tunnelen på strekninga Leirgulen-Bortnen, og ny veg og tunnel frå Bortnen til Søralsvatnet.

Det er i 2020 og 2022 utført punktvis utbetringstiltak av fv 616 på strekninga mellom Oldeide og Smørhamn. For Kystvegen har strekninga Myklebust-Svelgen vore prioritert i regional transportplan, og detaljregulering av denne parsellen vart vedteken 24.04.2024, sak KST-027/24. Med unntak av juridisk line for Kystvegen frå Grov til Myklebust (Fv 614) og juridisk line med bandleggingssone frå Hamnen til Tongane (Fv 616) er det ikkje lagt inn nye vegstrekningar i planen. Det pågår ikkje større utbetring av kommunale vegar i kommunen i dag, og er ikkje planlagt bygging av nye, lengre strekkingar med kommunal veg.

Gang- og sykkelveg er kun etablert i kommunesenteret Svelgen (Langeneset-Svelgen sentrum) og på strekninga Leirgulen-Kolset. I Svelgen sentrum og Kalvåg er det også strekkingar med fortau. Smal vegbane og manglande gang-/sykkelveg og fortau langs offentleg veg gjer at færre går og sykklar, både til/frå skule og arbeid, og på fritida. Gang- og sykkelveg frå Struen til Grotle (langs Fv 5706) er vist med samferdselslinje (framtidig) i plankartet. Det er behov for gang- og sykkelveg på heile strekninga frå Sande til Svelgen sentrum, men dette vil vere krevjande arealmessig, og er ikkje realistisk innanfor denne planperioden.

Det spreidde utbyggingsmønsteret i kommunen gjev utfordringar for offentleg vassforsyning og avløpsløysingar. Kun om lag 66 % av husstandane er tilknytt registrerte vassverk, jf. folkehelseprofilen for Bremanger kommune 2021, og dårleg kontroll med drikkevasskvaliteten er trekt fram som ei utfordring i folkehelseoversiktsdokumentet for kommunen. Ei fortetting med

bustader i område med offentlig vassforsyning vil betre kontrollen med drikkevasskvaliteten. Det er planar for utviding av fleire kommunale vassverk, m.a Ryland og Rugsund. Det er kun kommunale fellesanlegg for avløp i tettstadane Svelgen, Kalvåg og Hauge, i tillegg til enkelte kommunale bustadfelt på Davik, Ålfoten og Kolset. Det er ein stor del private enkeltanlegg for avløp i kommunen, og kommunen sin kapasitet til å drive tilsyn og kontroll av desse har vore avgrensa. Det er grunn å tru at mange anlegg ikkje oppfyller dagens reinsekrav. Tilsynsaktiviteten er i hovudsak knytt til vassførekomstar der ein ser at spreidde avløp kan ha stor påverknad for høvet til å nå miljømåla i samsvar med vassforskrifta.

Bremanger kommune er med i den interkommunale renovasjonsordninga, Nordfjord Miljøverk IKS (Nomil). Det er ingen avfallsdeponi eller forbrenningsanlegg for avfall i kommunen. Kommunen har vedteke tvungen renovasjon for fritidshus, og fritidsabonnentane må bringe avfallet til renovasjonscontainerar plassert i tilknytning til tettstadar/hytteområde. Det er to gjenbruksstasjonar i kommunen, på Stølsboren (for indre del av kommunen) og i Smørhamn (for ytre Bremanger). Etter at fastlandssambandet vart etablert har Nomil ynskje om at det kun blir ein gjenbruksstasjon i kommunen. Det er difor behov for areal til gjenbruksstasjon sentralt plassert i kommunen. Det er planen å tilrettelegge for ein moderne gjenbruksstasjon, utan avrenning eller forsøpling, tilrettelagt for enkel levering og sortering av avfall, og der arbeidsmiljøet for dei tilsette vert ivareteke. Arealet må kunne leggast til rette med straum, vatn og avløp.

Når det gjeld mobil- og breibanddekning er det gjennomført ei større fiberutbygging i perioden 2020-2022, og dei fleste husstandane i kommunen har no fiberdekning. Unntak er m.a området Nesbø-Dyrstad.

#### Vedteken arealstrategi for infrastruktur

Arealdelen skal vise arealbehovet for realisering av Kystvegen og for kjende flaskehalsar på fylkesvegane.

Behov for gang- og sykkelvegane mellom bustadområde og skular/arbeidsplassar skal vurderast.

Det skal planleggjast for gang- og sykkelvegane i rimeleg avstand frå oppvekstsentra og område med sentrumsfunksjonar, for å auke delen gåande og syklande og redusere utslepp til transport.

Behov for ny infrastruktur som t.d. parkeringsplassar i tilknytning til viktige friluftsområde skal takast omsyn til.

Ved lokalisering av nye byggjeområde skal det vurderast høve til utviding/tilknytning til kommunale vassverk og avløpsanlegg.

#### Hovudendringar for infrastruktur i arealdelen

Ved vurdering av framtidig utbygging har det vore viktig å legge nye bustader og fritidsbustader i nærleiken av etablert infrastruktur. Kommunen ønskjer ikkje å etablere nye kommunale vegar i samband med utbygging. For bustader har ein òg vektlagt samfunnstryggleik, der trafikktryggleik for mjuke trafikkantar og mobildekning er viktige tema.

Arealdelen opnar ikkje for tiltak som er vurdert til å vere til hinder for ei eventuell framtidig realisering av Kystvegen. Gang- og sykkelveg på strekninga frå Struen mot Hauge og vidare til Iglandsvik og Grotle er vist i planen, og endeleg utforming og plassering må avklarast gjennom detaljregulering. Tilrettelegging for parkering i tilknytning til friluftsområde er vist omsyn til gjennom tilrettelegging for framtidig parkeringsareal i Svarstaddalen. Etablerte parkeringsplassar ved Langesi, Berleneset og etter kvart i Hamnen er vist med føremål i plankartet for å unngå at desse periodevis vert beslaglagt til andre føremål som t.d riggplass i samband med linjebygging.

Det er sett av areal som kan nyttast til føremål gjenbruksstasjon i Haukedalen, på Nygård i Skatestraumen og i Bortnen.

## 5.7 Tettstader i kommunen og sentrumsavgrønsing

Det er ein trend at delen av innbyggjarane som bur innanfor ein tettstad i Bremanger har auka dei siste 10 åra. Av Bremanger kommune sine innbyggjarar bur om lag 54 % i tettstader. Dei tre definerte tettstadane i kommunen, jf. SSB, er kommunesenteret Svelgen, Kalvåg og Bremanger. Avstanden mellom Kalvåg og Svelgen er om lag 1 times køyretid med bil. På vegen mellom desse to, om lag 20 min frå Kalvåg ligg tettstaden Bremanger/Hauge.

### Vedteken arealstrategi for tettstadutvikling

Bremanger kommune skal ha hovudfokus på å utvikle kommunesenteret Svelgen, og dei andre tettstadane i kommunen, ved å setje av areal til sentrumsfunksjonar, servicenæring og ulike typar bustader.

Det skal setjast av bilfrie areal til uformelle møteplassar i tettstadane våre. Møteplassane skal ha universell utforming og kunne brukast av folk i alle aldrar.

Behovet for areal til bustad og næring i tettstadane skal vurderast.

I tettstadane skal behovet for fortetting og stadutvikling leggast vekt på ved vurdering av tiltak i 100 m-beltet langs sjø. For utbygde område i strandsona kan kommunen fastsetje ny byggjegrøns i samband

### Sentrum og tettstad i statistisk forstand

SSB sin definisjon for ei sentrumssone er slik:

*Sentrumssone: 1. Eit sentrum er eit område sett saman av ein eller fleire sentrumskjerner og ei sone på 100 meter i kring. 2. Ein sentrumskjerne er eit område med meir enn 3 ulike hovudnæringsgrupper med sentrumsfunksjonar. I tillegg til detaljvarehandel, må offentleg administrasjon eller helse og sosiale tenester eller annan sosial og personleg service vere representert. Avstanden mellom bedriftene skal ikkje vere meir enn 50 meter*

SSB har utarbeidd temakart som mellom anna illustrerer utbreiinga av sentrumssoner og tettstader (<http://kart.ssb.no/>). Bremanger kommune har ikkje område som er registrerte som sentrumssoner, etter SSB sin definisjon.

Ein tettstad er av SSB definert slik:

*Tettsted: En hussamling skal registreres som et tettsted dersom det bor minst 200 personer der, og avstanden mellom husene ikke overstiger 50 meter. Det er dog tillatt med et skjønsmessig avvik utover 50 meter mellom husene i områder som ikke skal eller kan bebygges. Dette kan for eksempel være parker, idrettsanlegg, industriområder eller naturlige hindringer som elver eller dyrkbare områder.*

SSB si kartløyising viser tre tettstader i Bremanger etter denne definisjonen.

### Handels og servicesoner 2018 (SSB)

Desse er avgrensa slik:

*Områder med konsentrasjon av virksomheter av et utvalg næringsgrupper. Utvalget er satt ut fra transportgenerende egenskaper ved næringsgruppene (Strømme, 2001, Asplan Viak, 2012). Avgrenset etter samme metode som sentrumssoner, men med andre næringsgrupper og med krav om 100 m mellom virksomhetene. Ingen krav til diversitet av næringsgrupper, men krav om minst 3 virksomheter og minst 50 ansatte.*

Bremanger ynskjer å legge til rette for at det kan vere utvikling av handelstilbodet i kommunen. Det er ikkje gjort nærare handelsanalyse for Bremanger i samband med planarbeidet.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok 02.10.2019 Handelsføresegn, med retningslinjer.

Målsetjinga for føresegna er slik:


- Berekraftig utvikling og klimaomstilling gjennom samfunnsendring, klimatilpassing og reduksjon av utslepp i tettstadar og bygder.
- Oppretthalde og styrke eksisterande service- og tenestetilbod i tettstadar og bygder.
- Lokalisere handel og andre aktivitetar som generer transport innanfor sentrum i tettstadar.
- Revitalisere og styrke sentrum i byar, tettstadar og lokalsenter som viktige møteplassar for befolkning, handel og kulturaktivitetar. Stadane skal vera best tilgjengeleg for reisande med kollektivtransport, syklande, gåande, og trafikktryggleik skal vektleggjast. Sentrum skal vere universelt utforma.
- Styrka særeigne kvalitetar i by-, tettstad- og lokalsenter/bygder.
- Sikre gode og føreseielege vilkår for utvikling av handels- og servicetilbod.
- Redusere utbygging i landbruks-, natur- og friluftsområde, og ivareta nasjonale og regionale mål om jordvern og biologisk mangfald.
- Legge til rette for ein handelsstruktur i fylket der handelstilbodet i byar, tettstadar og bygder utfyller og styrker kvarandre

Det er i tabell 1 i denne føresegna presisert at Svelgen er kommunesenter, med følgande konkrete føring: *Maks. detaljhandel 2000m<sup>2</sup> innanfor sentrumsavgrensinga. Plasskrevjande handel kan etablere seg utanfor sentrumsavgrensinga men i direkte tilknytning til eksisterande sentrum.*

For lokalsentera gjeld ei liknande føring: *Maks. detaljhandel 1.000 m<sup>2</sup>, der minimum 80 % av vareutvalet og omsetnaden er daglegvare. Plasskrevjande handel kan ikkje etablerast i, i tilknytning til eller utanfor lokalsenter.*


Føresegna set krav til sentrumsavgrensing for kommunesenter og lokalsenter, der sentrumsavgrensinga ikkje er avklara gjennom plan. For avgrensinga av sentrumsområde er det gjeve ei føring i handelsføresegna om at kommunesenter som Svelgen skal legge til grunn at maksimal utstrekning skal ligge innanfor 500m frå ytterkant til ytterkant av sentrum.

#### Gjennomgang av tettstader og grender med sentrumsfunksjonar:



**Svelgen** er kommunesenteret, og rommar mellom anna skule, rådhus og idrettsbane. Hovuddelen av verksemda Elkem, som er den nest største arbeidsplassen i kommunen, ligg innanfor tettstaden. I 2021 er det registrert 1144 innbyggjarar i tettstaden Svelgen. Tilsvarande tal i 2008 var 1187. Innanfor Svelgen er også ei lita Handels og sentrumssone. (Sjå utklipp til venstre)


*Utklipp til venstre er henta frå kartlag for tettstader, SSB.no. Mørk blå sone = registrert sentrumssone.*



Sentrum - Svelgen er innarbeidd i plandokumenta ved ei byggegrense som er vedteken i ein eigen illustrasjon.

*Utklipp frå plankartet – avgrensing for kommunesenteret Svelgen er markert med blå og orange stiplinje. Juridisk bindande illustrasjon skal følgje plandokumenta.*


*Utklipp til venstre er henta frå kartlag for tettstader (grå markering), samt handels- og sentrumssone (blå markering), SSB.no.*



I dette ligg i utgangspunktet at all ny handelsverksemd skal lokaliserast innanfor denne avgrensinga (pkt 1.3 i handelsføresegna). Det er teke inn ei opning i denne føresegna om at grensene for utbygging kan overstigast etter søknad til fylkeskommunen. Det er også sagt at dersom det ikkje er tilstrekkeleg eller eigna plass i sentrumsområde, kan handel med plasskrevjande varer lokaliserast til regulerte område i direkte tilknytning til sentrum.


For å sikre høve til at ein kan oppretthalde eksisterande handelstilbod i ulike deler av kommunen, og ha rom for å vidareutvikle desse noko ynskjer kommunen i tillegg at det skal vere definerte lokalsenter i dei bygdene der det er butikk i dag.

I **Kalvåg** er mykje av aktiviteten knytt til turisme og industri. Med bakgrunn i mellom anna denne aktiviteten, og relativt stor avstand til Svelgen er Kalvåg eit sterkt sentrum i kommunen. Ei sentral bedrift er Knutholmen, som kan tilby overnatting, både i hotell og i rorbu eller leilegheiter. Knutholmen tilbyr også konferanselokale, matopplevingar og aktivitetar/turar i nærområdet. I 2021 er det registrert 430 innbyggjarar i tettstaden Kalvåg. Tilsvarende tal i 2008 var 352.




Kalvåg er innarbeidd i plandokumenta som lokalsenter, ved ei byggegrense som er gjort juridisk bindande gjennom ein illustrasjon. Kommunen ønskjer å vidareføre Kalvåg som eit av dei viktigaste lokalsentra i Bremanger.

Utklipp til venstre er henta frå kartlag for tettstader (SSB.no). Mørke blå markering er registrert sentrumssone i Kalvåg.



Utklipp frå plankartet: Avgrensing for tettstaden Kalvåg er markert med blå og orange stipla linje. Juridisk bindande illustrasjon skal følgje plandokumenta.

**Bremanger/Hauge:** Det er også registrert ein litt usamanhengande tettstad, som SSB kallar Bremanger i området frå Igland til Senneset. Omtrent i midten, på Hauge, finn ein butikk, post og skule/barnehage. I 2021 er det registrert 367 innbyggjarar i tettstaden Bremanger. Tilsvarende tal i 2008 var 393.



Utklipp kartlag er henta frå SSB.no. Mørke blå sone er registrert sentrumssone.


Bremanger/Hauge er innarbeidd i plandokumenta som lokalsenter, ved ei byggegrense som er gjort juridisk bindande gjennom ein illustrasjon. Grensene for lokalsenteret er utvida mot aust etter 1.gongs offentlege høyring, og går fram av plankart og vedlegg til føresegnene. Avgrensinga av tettstaden indikerer at kommunen ynskjer å vidareføre området som eit lokalsenter i Bremanger.



*Utklipp som viser avgrensing for tettstadane Igland (t.v.) og Hauge (t.h.). Juridisk bindande illustrasjon skal følgje plandokumenta.*

**Davik** er naturleg å definere som lokalsenter, men er ikkje omfatta av desse vurderingane, sidan området har kommunedelplan og ikkje er ein del av arealdelen til kommuneplanen for 2022-2034.

**Ålfoten:** Det er ikkje registrert tettstad område i SSB sine kart for Ålfoten. Bremanger kommune ynskjer likevel å sikre at det er høve til framleis drift og utvikling av den handelsverksemda som ligg i Ålfoten i dag.



*Utklipp frå plankartet til venstre: Avgrensing for tettstaden i Ålfoten er markert med blå og orange stipla linje. Juridisk bindande illustrasjon skal følgje plandokumenta.*

**Leirgulen** er også naturleg å definere som lokalsenter, men er ikkje omfatta av desse vurderingane, sidan området har kommunedelplan og ikkje er ein del av arealdelen til kommuneplanen for 2022-2034.

#### Hovudendringar for tettstader i arealdelen

Det er definert eit kommunesentrum, og tre lokalsentra. Behov for tilrettelegging i arealplanen for vekst i handelen vil vere størst i kommunesenteret Svelgen og i Kalvåg. Andre mindre tettstader i kommunen Bremanger (Hauge og Igland) og Ålfoten er innarbeidd som lokalsentra. For desse er målsetjinga å oppretthalde ev. vidareutvikle dei funksjonane som områda har i dag i form av t.d. nærbutikk og liknande.

## 6 Arealrekneskap inkl. arealreservar i tidlegare planar

Det er utarbeidd eit enkelt arealrekneskap som viser verknadane av planen på ulike arealressursar. Arealrekneskapet er teke ut etter analyse mellom arealbruk i kommuneplan og arealressurskarta, AR5 /AR50. AR50 er brukt der AR5 ikkje har dekning. Sidan arealressurskartet har eit «grovar» grunnlag for markslagsgrenser, m.a vatn, enn kommuneplanen vil det vere noko unøyaktigheit i rekneskapen, t.d. vil noko arealbruk for land inngå i vassføremål og omvendt. Det er nytta generalisering for type arealføremål og for marktype.

Arealsummane i planane viser både eksisterande og framtidig arealbruk, og såleis er arealreservane knytt til både bustadar og andre føremål inkludert i denne rekneskapen. Arealrekneskapen er ikkje oppdatert med endringane som er gjort etter motsegn frå Statsforvaltaren.

Summer av Areal_daa	Arealbruk generalisert										
Arealformål gruppe	Bebygg/Samferdsel	Full- og overflate dyrka jord	Innmærksbeite	Myr	Skog	Åpen fastmark	Ferskvann	Bre	Hav	Ikke kartlagt	Totalsum
Bebyggelse og anlegg	1684	258	197	133	2242	6496	143		308	18133	29594
Bruk og vern av sjø og vassdrag	26	12	33	10	163	258	45078	0	1098551	1054	1145184
Grønnstruktur	33	14	1		132	147	0		6		334
LNFR	2229	8373	8169	6956	164231	214089	1258	1551	48	348492	755397
LNFR-Spredt	180	216	153	0	320	471	0			88	1429
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	40	6	1		28	35			98		208
<b>Totalsum</b>	<b>4191</b>	<b>8879</b>	<b>8555</b>	<b>7100</b>	<b>167117</b>	<b>221496</b>	<b>46478</b>	<b>1551</b>	<b>1099012</b>	<b>367767</b>	<b>1932146</b>

Tabellen **over** viser planlagt arealbruk for heile kommunen, inkludert områda med kommuneplan som ikkje inngår i denne revisjonen av arealdelen.

Tabellen **under** viser oversikt pr. plan for forslag til kommuneplan og gjeldande kommunedelplanar.

Summer av Areal_daa	Arealbruk generalisert										
Arealformål gruppe pr. plan	Bebygg/Samferdsel	Full- og overflate dyrka jord	Innmærksbeite	Myr	Skog	Åpen fastmark	Ferskvann	Bre	Hav	Ikke kartlagt	Totalsum
<b>KDP-Botnane</b>	<b>59</b>	<b>272</b>	<b>577</b>	<b>53</b>	<b>6354</b>	<b>4934</b>	<b>686</b>		<b>7332</b>	<b>3993</b>	<b>24260</b>
Bebyggelse og anlegg	16	7	32	20	7	37			9		126
Bruk og vern av sjø og vassdrag	1	2	10	0	8	28	585		7317		7951
LNFR	33	260	524	33	6213	4853	101		6	3991	16015
LNFR-Spredt	9	3	11	0	125	17				2	166
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur						0			1		1
<b>KDP-Davik</b>	<b>266</b>	<b>1211</b>	<b>415</b>	<b>96</b>	<b>2350</b>	<b>813</b>	<b>9</b>		<b>2369</b>		<b>7530</b>
Bebyggelse og anlegg	85	38	22	2	72	34	0		4		258
Bruk og vern av sjø og vassdrag	0	2	2	1	6	2	6		2364		2383
Grønnstruktur	1	1				4			0		6
LNFR	141	1128	371	94	2261	768	3		0		4766
LNFR-Spredt	39	41	21		12	5	0				118
<b>KDP-Rugsund - Leirgulen</b>	<b>248</b>	<b>362</b>	<b>472</b>	<b>100</b>	<b>1461</b>	<b>3494</b>	<b>11</b>		<b>2516</b>		<b>8664</b>
Bebyggelse og anlegg	100	19	45	5	65	65			20		318
Bruk og vern av sjø og vassdrag	6	0	2	0	6	24	8		2494		2540
LNFR	136	335	405	95	1367	3364	3		2		5706
LNFR-Spredt	3	7	20		23	40					92
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	4	1	1		0	1			0		7
<b>KPA2024</b>	<b>3619</b>	<b>7034</b>	<b>7091</b>	<b>6850</b>	<b>156952</b>	<b>212255</b>	<b>45772</b>	<b>1551</b>	<b>1086794</b>	<b>363774</b>	<b>1891692</b>
Bebyggelse og anlegg	1483	194	98	106	2099	6361	143		275	18133	28892
Bruk og vern av sjø og vassdrag	19	8	19	10	143	204	44479	0	1086376	1054	1132311
Grønnstruktur	33	13	1		132	143	0		6		328
LNFR	1919	6649	6870	6734	154390	205104	1150	1551	40	344501	728909
LNFR-Spredt	129	166	102		160	410				86	1053
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	36	5	0		28	33			97		200
<b>Totalsum</b>	<b>4191</b>	<b>8879</b>	<b>8555</b>	<b>7100</b>	<b>167117</b>	<b>221496</b>	<b>46478</b>	<b>1551</b>	<b>1099012</b>	<b>367767</b>	<b>1932146</b>

## 7. Samla verknad av hovudendingar i planen

Planen er vurdert til å ikkje gje negative konsekvensar for enkelttema som er gjennomgått i kapittel 5 i denne rapporten. Kommunen vil gjennom arealdelen legge til rette for bustadvekst og framtidig næringsaktivitet i områder der dei negative verknadane for miljø, samfunn og ROS er vurdert til å i stor grad vere låg.

Nedanfor er ein tabell som omfattar ei enkel oppsummering av samla verknad etter utgreiingstema i konsekvensutgreiing (KU). For ein meir grundig og utfyllande gjennomgang av samla verknad av arealdelen, viser vi til kapittel 4.1 i vedlagt rapport «KU-rapport med m/ROS».

KU-tema	Verknad
<b>Miljø</b>	
Landbruksressursar	Arealdelen er vurdert til å ha størst negativ verknad for landbruk, då fleire av dei nye utbyggingsområda føre til tap av om lag 300 landbruksjord (dyrka jord, innmarksbeite og anna innmark). Størst tap av dyrka jord er vurdert til å vere i delområda Bremangerlandet med 48 daa og Berle med om lag 30 daa. LNF-areal med opning for spreidd utbygging (bustader og fritid) vil også kunne medføre vesentleg omdisponering av landbruksareal (i størst grad innmarksbeite). For å minimere det negative omfanget for landbruk er det i planen lagt klare føringar på at nye bygg skal ligge i tilknytning til etablert bustadmiljø og etablert bygningsstruktur, samt infrastruktur som veg. Ved å opne for fleire bustader i spreiddbygde grender, i tillegg til viktige sentrale plassar som mellom anna Svelgen og Kalvåg, er det ønske om å styrke etablerte bygdemiljø i fleire av grendene i kommunen. Dette vil vere positivt for å oppretthalde landbruksdrift og ivareta kulturlandskapet i grendene.
Landskap	Den samla verknader for landskap er vurdert å vere låg for bustader (i hovudsak fortetting i eksisterande miljø). Hyttefelt, nye og større næringsareal og fyllingar i sjø er vurdert til å gje størst verknad på landskapsbildet. Større næringsetablering ved Holmaneset vil ha vesentleg negativ påverknad på landskapet i Nordgulen-området. Større småbåthamner og utvida akvakulturanlegg vil òg gje verknad på fjordlandskapet i dei aktuelle områda. Delar av kommunen har eit nake og ope kystlandskap, der det er særleg viktig å vise omsyn til landskap og terreng. Mindre fortettingstiltak og spreidd bustad-/fritidsbustadbygging er gjennom KU vurdert å ha liten verknad på landskapsbildet i kommunen. Der det er opna for større utbygging, som t.d. hyttefelt ved Steinset, er det følgt opp med krav om god landskapstilpassing i føresegnene.
Naturmangfald	Arealdelen opnar for nokon tiltak som er vurdert til å gje større negativ verknad for viktige naturområde og naturtypar, i hovudsak ålegrasenger der ein lokalitet (viktig) kan verte nedbygt og tre lokalitetar (svært viktig og viktige) kan verte påverka av nærliggande tiltak. Førsetnaden for at det likevel vert opna for utbygging er at det skal gjerast tiltak som reduserer tap eller skade på den viktige naturtypen og naturmangfaldet. Den samla verknaden på naturmangfaldet i kommunen er vurdert som låg, sidan det er fleire større ålegraslokalitetar, både viktige og svært viktige, innanfor gyteområdet, som ikkje vert råka av tiltak.
Strandsone	Fleire tiltak har blitt opna for i strandsona, då store delar av tilgjengeleg utbyggingsareal ligg i 100-metersbeltet, grunna topografien i kommunen. Det er difor lagt stor vekt på om tiltak vil ligge i funksjonell strandsone og om det vil gje negative følgjer for ålmenta sin bruk av område, samt for naturmangfald og landskap. Det er ikkje opna for større nye utbyggingsområde for naust, men heller lagt vekt på mindre fortettingar i tilknytning til eksisterande bygningsmiljø. For framtidige bustader/fritidsbustader er det lagt vekt

	på trekke dei så langt vekk frå funksjonell strandsone som mogleg, samt i tilknytning til hovudvegnettet i område (for å mellom anna unngå privatisering av strandsone og etablering av nye vegar). Småbåthamner er ikkje vurdert til å føre til privatisering, men kan likevel vere eit negativ inngrep i strandsona med tanke på naturmangfald og endra landskapsbilde. Planen opnar for ein del bygging innanfor 100 m-sona langs sjø, men tapet av strandline/fjære er lite og i hovudsak i tilknytning til eksisterande utbygde område. Arealdelen er vurdert til å ikkje opne for utbygging som vil gje negativ verknad for viktige friluftsliv- og rekreasjonsområde i kommunen.
Vassmiljø	Dei fleste vassførekomstane i Bremanger har ein god økologisk og kjemisk tilstand i dag, sett vekk frå Nordgulen og Frøysjøen. Det har i KU blitt vurdert at det er akvakulturanlegg som har potensielt størst negativ verknad på vassmiljø, men lokalitetane ligg spreidd og følgjer gjeldande regelverk knytt til ureining. Det er ikkje grunnlag til å tru at vidareføring av eksisterande anlegg vil ha vesentleg verknad på vassmiljø, og for nye område vil det også vere miljøkrav i konsesjon og utslippsløyve. Framtidige tiltak som kan ha verknad på vassmiljø er utfylling i sjø og småbåthamner. Krav til oppfølging går fram av føresegnar, men er òg sikra gjennom forureiningslova.
Kulturminne og kulturmiljø	Arealdelen er vurdert til å ha liten verknad for kulturminne og kulturmiljø, då det ikkje er opna for tiltak som er vurdert til å kome i konflikt med kjende lokalitetar.
Mineralressursar	Kommunen sin arealstrategi om at det ikkje er ønske om å opne for nye store område med råstoffutvinning er følgt opp i planen. Eksisterande område er vidareført og det er teke høgde for område som er under regulering (Aksla). Planen er vurdert til å ha ingen verknad på mineraluttak.
Friluftsliv	Nye tiltak er vurdert til å ikkje komme i konflikt med eksisterande tur- og rekreasjonsområde. Det er kun eit kartlagt friluftslivsområde som kan bli nedbygt/utligningsleg (område for dykking etc. ved Holmaneset). Arealdelen opnar for mindre tiltak som vil vere positivt for friluftsliv som t.d. parkeringsplassar i tilknytning til tursti i Svarstaddalen og tursti til Vetten på Grotle.
Overordna arealføring	Overordna arealføring går fram av kapittel 5 i denne rapporten. Planen er vurdert til å følgje opp kommunen sine føringar. Det er opna for fortetting i eksisterande bustadmiljø, lagt til rette for styrking av viktige sentra som Kalvåg og Svelgen gjennom t.d. bustadtomter og småbåthamner, samt opna for nye næringsareal der det har blitt sendt inn ønske om tiltak frå aktuell næringsaktør.
<b>Samfunn</b>	
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje opna for større tiltak som vil gje vesentleg verknad på teknisk infrastruktur. Det er opna for nokre nye utbyggingsareal, samt fortetting i eksisterande bygde område, som vil føre til behov for etablering/utviding av VAO-anlegg.
Transportbehov	Kommunen har ein spreiddbygd bygningsstruktur som føre til behov for privatbilisme, mellom anna grunna dårleg kollektivdekning. Arealdelen legg til rette for fortetting i område som har viktige funksjonar som daglegvare, barnehage og skule. Det er tillegg vurdert som viktig å legge til rette for at òg mindre grender kan oppleve vekst og med dette styrke det eksisterande miljøet. Transportbehovet vil ikkje bli redusert med bakgrunn i tiltak i arealdelen, men heller ikkje auke vesentleg.
Folkehelse	Ved vurdering av framtidige tiltak har det blitt vist omsyn til tilgang på viktige faktorar som nærleik til t.d. friluftsliv, gang- og sykkelveggar og skule. Ingen tiltak arealdelen opnar for er vurdert til å gje særskilt negativ eller positiv verknad på folkehelse.
Barn og unge	Arealdelen er vurdert til å sikre at born og unge sine interesser vert ivaretekne ved at det lagt vekt på ivaretaking av funksjonell strandsone, viktige badeplassar og turområde. I

	<p>tillegg har det vore opna for to nye gangstiar (ved Struen/Haugen og Langeneset). Utover dette er det ikkje gjort plangrep som har særleg verknad for barn og unge. Detaljar som areal til leik og uformelle møteplassar må avklarast gjennom vidare detaljregulering.</p>
<b>Samfunnssikkerheit og ROS</b>	
Naturreisiko: Skred	<p>Potensielle naturfarar er vurdert, og der det føreligg reell skred- og flaumfare (faresonekart) er dette nytta som grunnlag. Der det usikkerheit knytt til naturfare, mellom anna grunna marin grense, er dette følgt opp med krav til vurdering ved detaljregulering eller byggesøknad.</p>
Flaum	<p>Vurdering av flaumfare i små og store vassdrag, samt erosjonsfare langs vassdrag og kyst er blitt uført på eit overordna nivå. Det er sett byggjegrænse på 50 m frå elv, og denne vil i hovudsak gjere at ein unngår bygging i flaumutsette område (aktsemdskart flaum, jf. NVE temakart). I likskap med skred, er aktsemdsoner følgt opp med krav til vidare utgreiing før utbygging i område som er vurdert som sårbare for flaum grunna mellom anna nærleik til elv- eller bekkeløp.</p>
Klimasårbarheit	<p>Dei mest aktuelle faktorane for klimasårbarheita i ei kystkommune som Bremanger er havnivåendring, stormflo, bølgepåverknad, overflatevatn og vind. Skog og lyngbrann (tørke) er ikkje vurdert som særleg sannsynleg. Dette går fram av kap. 4.1.2 i vedlagt KU-rapport m/ROS utrekning for mellom anna havnivåendring og bølgepåverknad. Krav til minimum kotehøgde over havet er følgt opp i føresegner, med bakgrunn i utrekningane.</p>
Trafikktryggleik	<p>Vurdering av trafikktryggleik er gjort opp mot trafikksituasjonen i områda i dag og ved opning for ønska tiltak. Grunna låg ÅDT i kommunen har ikkje trafikk blitt vurdert som særleg utfordrande med tanke på opning av nye tiltak, men fleire av vegstrekningane har i dag dårleg standard. Positiv verknad for strekninga Struen/Hauge til Grotle, då planen opnar for etablering av gangveg langs fylkesvegen og gangsti langs sjø på deler av strekninga.</p>
Ureining	<p>Etter gjennomgang av KU av enkeltområde er det berre kjennskap til eit område med forureining der det har blitt opna for nytt tiltak (Stølsborden). For å unngå framtidig ureining for nye tiltak er det sett krav om oppfølging ved etablering av småbåthamner, fylling i sjø og enkelte næringstiltak. Med bakgrunn i dette er arealdelen vurdert til å ha låg konsekvens for auka ureining. Større støyutslepp er i hovudsak knytt til fylkesvegnettet. Støykart er ikkje vist med faresoner i plankartet, då det ikkje skal vere støy utover grenseverdiane utanfor byggjegrænse langs dei aktuelle vegane. Ved etablering av ny verksemd som medfører støy skal det gjerast støyvurderingar.</p>
Digital kommunikasjon	<p>Området si sårbarheit knytt til digital kommunikasjon har blitt vurdert opp mot eksisterande situasjon for breiband og mobildekning. Dei fleste framtidige utbyggingsområde er vurdert til å ha god DAB- og/eller internettdekning, men det er ikkje gjort vurderingar i arealdelen om det er behov for nye eller utvida telekommunikasjonar.</p>
Beredskap og ulukkesrisiko	<p>Den totale beredskapen og ulukkesrisikoen er vurdert til å vere tilfredsstillande. Beredskap og ulukkesrisiko knytt til større ulukker er blitt vurdert for Elkem AS og Forcit Norway AS, der det i arealdelen er lagt inn omsynssoner knytt til desse to verksemdene (H350 Brann-/eksplosjonsfare). Eventuell etablering av ny storulukkeverksemd på Holmaneset i Nordgulen må avklarast gjennom grundigare konsekvensutreiing og ROS-analyse for områdeplanen. KU viser elles til at kommunen i dag har store avstandar og fleire vegar med dårleg standard. Dette er utfordringar som ikkje løysast gjennom arealdelen.</p>

## 7 Vedlegg

Kjerneområde landbruk, rapport datert 16.06.2022

Konsekvensutgreiing med ROS, revidert 19.03.2024

Vurdering av kva reguleringsplanar som skal vidareførast – KPA 2022, revidert 19.03.2024

Vidareføring av føremål frå KPA2004 og KDP Bremangerbygda 2007, revidert 19.03.2024

KPA Tilleggsutgreiing landbruk, datert 20.03.2024

Føresegner, datert 15.10.2024

Plankart, datert xx.xx.2024

## 8 Kjelder

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (PBL). Publisert i 2008. Ikrafttreding 01.07.2009, 01.07.2010 og 01.01.2013

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, veileder datert april 2021 «*Kommuneplanens arealdel*»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, veileder datert mai 2020 «*Planlegging for spredt bustad-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder*»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, veileder datert mai 2020 «*Planlegging i sjøområdene*»

DSB Rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*», 2017

DSB Rettleiar «Havnivåstigning og stormflo»

Statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona (kgf.res. 28.05.2021)

«For sikkerhets skyld», Informasjon om beredskap og sikkerhet ved Elkem Bremanger

«Sikkerhetsrapport i henhold til storulukkeforskriften», Safetec Hovudrapport ST-13725, Elkem Bremanger

Landbruks- og matdepartementet/KS Veileder datert mai 2005 «*Kjerneområde landbruk*»

Nordland fylkeskommune veileder datert april 2018 «Funksjonell strandsone og byggegrense i 100 m-beltet»

Klimaprofil Sogn og Fjordane, Norsk klimaservicesenter April 2022

<https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/sogn-og-fjordane>

«Utgreiing kystvegen», Rapport Statens vegvesen, februar 2017

Statistisk sentralbyrå, [www.ssb.no](http://www.ssb.no)

Miljødirektoratet – Miljøstatus <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/>

Fylkesatlas, [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)

Vann-Nett Portal, [www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no)

Kystinfo, [www.kystinfo.no](http://www.kystinfo.no)

Fiskeridirektoratet, [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no)

Statens vegvesen, [www.vegkart.no](http://www.vegkart.no)

NVE, [www.nve.no](http://www.nve.no)